

# Økonomiplan 2020-2023

## Formannskapetets framlegg

FS 53/19 Budsjett 2020 og økonomiplan 2020-2023

<b>1. KOMMUNEDIREKTØRENS INNLEIING .....</b>	<b>4</b>
<b>2. DRIFTSBUDSJETT .....</b>	<b>7</b>
2.1. FRIE INNTEKTER .....	7
2.2. NETTO DRIFTSRAMMER I ØKONOMIPLANPERIODEN .....	7
<b>3. INVESTERINGSBUDSJETT .....</b>	<b>8</b>
3.1.1. <i>Investeringar i økonomiplanperioden .....</i>	<i>8</i>
AUKING AV LÅNEOPPTAK TIL STARTLÅN FOR VIDARE FORDELING .....	8
3.1.2. <i>Finansiering av investeringane .....</i>	<i>9</i>
3.1.3. <i>Kommentarar til investeringsbudsjettet .....</i>	<i>9</i>
<b>4. EIGEDOMSSKATT .....</b>	<b>12</b>
<b>5. NÆRINGS- OG LANDBRUKSFOND .....</b>	<b>13</b>
<b>6. STATUS .....</b>	<b>14</b>
6.1. ØKONOMI .....	14
6.1.1. <i>Handlingsreglar for Vågå kommune .....</i>	<i>14</i>
6.1.2. <i>Oversikt over netto driftsresultat korrigert for premieavvik og bundne fond .....</i>	<i>14</i>
6.1.3. <i>Rekneskapsføring av pensjon .....</i>	<i>15</i>
6.1.4. <i>Lånegjeld .....</i>	<i>16</i>
6.2. DEMOGRAFI .....	17
6.2.1. <i>Helsetilstanden i befolkninga .....</i>	<i>17</i>
6.2.2. <i>Likestilling .....</i>	<i>17</i>
6.2.3. <i>Integrering .....</i>	<i>18</i>
6.3. BEREDSKAP .....	18
<b>7. TILTAK I ØKONOMIPLANPERIODEN .....</b>	<b>18</b>
7.1. PLANOPPGÅVER .....	18
7.2. BUSTADSOSIAL PLAN .....	19
<b>8. KONSEKVENSAK KNYTT TIL ÅRSBUDSJETT OG ØKONOMIPLANPERIODEN .....</b>	<b>19</b>
8.1. INNSPARINGSTILTAK .....	19
8.1.1. <i>Kommentarar til innsparingstiltak .....</i>	<i>20</i>
8.2. TILTAK SOM AUKAR DRIFTSUTGIFTENE .....	21
8.2.1. <i>Kommentarar til tiltak som aukar driftsutgiftene .....</i>	<i>21</i>
8.3. FRAMLEGG SOM IKKJE PÅVERKAR TALBUDSJETTET .....	23
8.3.1. <i>Omfordeling av budsjettar .....</i>	<i>23</i>
8.4. VÅGÅ KYRKJELEGE FELLESRÅD .....	23
8.5. TILTAK DET IKKJE ER FUNNE ROM FOR I 2020 .....	23
<b>9. MÅL .....</b>	<b>24</b>
9.1. HOVUDUTFORDRINGAR I ØKONOMIPLANPERIODEN .....	24
9.1.1. <i>Skape forståing for at aktiviteten i tenesteytinga er tilpassa budsjettar .....</i>	<i>24</i>
9.1.2. <i>Netto driftsresultat — auka handlefridom .....</i>	<i>25</i>
9.1.3. <i>Vidareføring av omstillinga innan helse og mestring .....</i>	<i>25</i>
9.1.4. <i>Forbetre integreringsarbeidet av busette flyktningar .....</i>	<i>27</i>
9.1.5. <i>Galleri Ullinsvin og «Munch — den nordlige rute» .....</i>	<i>27</i>
9.1.6. <i>Sikre fokus på førebyggjande arbeid gjennom samarbeid på tvers av faggrener .....</i>	<i>27</i>
9.1.7. <i>Leggje til rette for positiv samfunnsutvikling/stabilisere folketalet .....</i>	<i>27</i>
9.1.8. <i>Leggje til rette for frivillig innsats som supplement til det offentlege hjelpeapparatet .....</i>	<i>28</i>

9.1.9.	<i>Gje tydeleg og rett informasjon ut til kommunen sine innbyggjarar</i> .....	28
9.1.10.	<i>Fokus på nærværarbeid</i> .....	28
9.1.11.	<i>Rekruttere og behalde kompetanse</i> .....	28
9.1.12.	<i>Vegfond</i> .....	29
9.1.13.	<i>Breiband</i> .....	29
<b>VEDLEGG 1 – ORGANISASJONSKART</b> .....		<b>29</b>
<b>VEDLEGG 2 – GRUNNLAG REKNEARKMODELL</b> .....		<b>31</b>
	<i>Hovudoversikt</i> .....	31
	<i>Område kommunedirektør</i> .....	32
	<i>Område barnehage og utdanning</i> .....	33
	<i>Område helse og mestring</i> .....	34
	<i>Område teknisk og beredskap</i> .....	35
	<i>Område interkommunale samarbeid der Vågå er medlemskommune</i> .....	36
	<i>Frie inntekter</i> .....	37
	<i>Finans</i> .....	38
	<i>Investeringsoversikt</i> .....	39

# ØKONOMIPLAN 2019 — 2022

---

## 1. KOMMUNEDIREKTØRENS INNLEIING

Kommunestyret skal ein gong i året vedta ei rullering av økonomiplan. Den skal omfatte minst dei fire neste budsjettåra. Økonomiplanen skal omfatte heile kommunen sin verksemd. Målsettinga er å gje ei god oversikt over situasjonen med moglegheiter og utfordringar, samt tydelege mål for arbeidet som skal gjerast i kommunen vår. Det er eit krav at årsbudsjettet skal vere i balanse. Den skal gje ei realistisk oversikt over sannsynlege inntekter, forventa utgifter og prioriterte oppgåver i økonomiplanperioden. Kommunestyret skal innan årsskiftet vedta eit budsjett for komande kalenderår. I tillegg til drift i eigen regi, inkluderer Vågå kommune sitt budsjett og utgifter til drift som skjer i regi av andre. Dette gjeld interkommunalt samarbeid etter § 27 i kommuneloven og anna interkommunalt samarbeid.

Fyrste året i økonomiplanen er årsbudsjett for 2020. Økonomiplanen blir revidert i tråd med dei føresetnader og vedtak som er gjort/blir gjort. Åra 2021 — 2023 blir justert i henhold til årsbudsjettet for 2020. Økonomiplanen er utarbeidd i faste 2019-kroner. Dette inneber at inntekter og/eller utgifter som er faste i planperioden, for eksempel avdrag på lån, sannsynleg vil ha mindre verdi i 2021 enn i 2020.

I Vågå har vi vald å behandle økonomiplanen og komande års budsjett samstundes. Hovudfokus i denne planperioden har difor vore å få saman eit realistisk budsjett for 2020, for å sikre eit godt innslag for 2021.

Ein viktig føresetnad for at kommunedirektøren kunne legge fram eit realistisk budsjett i balanse har vore auka inntekter i samband med omtaksering av eigendomar. Heldigvis auka og kraftinntektene for 2020 meir enn det vi håpa på. Dette gjer ikkje at utfordringsbiletet framover endrar seg, men gjev oss noko meir tid til omstilling og til å tilpasse oss riktig aktivitetsnivå. Kommunedirektøren meiner at året som kjem må byggje vidare på grunntanken i økonomiplanen for 2020 - 2023. Ein må sjå på organisering og drift av kommunen sitt tenestetilbod på mange område. Innovasjon og omstilling blir sentrale omgrep. I arbeidet med å tilpasse seg framtidens rammevilkår må vi sette av tid og ressursar i 2020 og 2021 for å sikre medverknad og gode prosessar i omstillingsarbeidet.

Vågå kommune har i 2019 greia ut moglege samarbeidsområder med Sel kommune. Innan første kvartal 2020 vil kommunedirektøren leggje fram ei sak til kommunestyret kor ein ser på moglegheiter for felles gevinstrealisering både med omsyn til ressursar, kompetanse og økonomi.

Vi må tenkje nytt og innovativt ved utforming av tenestetilbodet vårt. Dette stiller store krav til den enkelte tilsette og til leiarane som må vere løysingsorienterte og gjennomføre planlagt endringsarbeid. Kommunedirektøren vil gjennomføre leiarutdanning for alle tenesteområde våren 2020 for å investere i den viktigaste ressursen vi har – dei tilsette. Det er sett av midlar til dette.

Folketalsframskriving syner at det vil bli stadig fleire eldre, og fødselstala er minkande. Tilpassing til ny omsorgstrapp med målsetting om at fleire eldre skal få bu heime lengst mogleg er eit arbeid som

kontinuerleg held fram. Det betyr også store investeringar knytt opp mot Vågåheimen. Arbeidet med helse- og omsorgsprosjektet og framdrifta i prosjektet har teke lengre tid enn det ein har forventa. Samstundes må ein her vere sikker på at dei rette grepa blir gjort, særleg med tanke på dei store investeringskostnadane kommunen må ta. Ein må vere sikker på at investeringane ikkje i for stor grad går utover handlingsrommet til kommunen.

Vågå kommune har starta ei retningsendring med dreining av ressursar frå institusjon til heimebasert mestring, der vi i større grad skal drive helsefremjande og førebyggjande tiltak. Samarbeidet med Sel er ein viktig del av omstillingsarbeidet som drivast i dag, og målsettinga bør vere at vi kan unngå unødvendige investeringar i begge kommunane.

Vi har fleire uløyste arbeidsområde internt i kommunen. Helse- og omsorgsprosjektet er det største. Utfordringar knytt opp mot stengt symjehall er ein annan. Dette blir store investeringar, og kan berre forsvarast ved at vi greier å fordele om, og ta ned tenestekostnadane tilsvarande som finansutgiftene aukar. Om dette ikkje blir gjort, blir handlingsrommet til kommunen svekka i mange år framover. Det er avsett midlar til vidare utgreiing i budsjettet for 2020.

Kommunedirektøren meiner at ein framover må ha to overordna hovudfokus. Ein må arbeide systematisk med tilflytting, tilrettelegging for næringsutvikling og marknadsføre det unike som våre lokalsamfunn har å by på, men ein må og tilpasse seg endringar i demografien. Det betyr at Vågå kommune må ta innover seg at befolkningsamansetninga endrar seg naturleg. Direkte vil dette bety at ressursar må skyvast tilsvarande.

Kommuneøkonomien er stram i Vågå kommune og utfordringane i budsjettarbeidet har vore store. Vågå kommune gjev gode tenester til innbyggjarane sine i dag, men det vil bli stadig meir krevjande i åra framover, særleg om prognosane om folketalsnedgang slår til. Kommunestyret har bedt om ein gjennomgang av skulestrukturen i 2020, og kommunedirektøren vil komme med ei klar tilråding om skulestruktur i samband med denne. Kommunedirektøren er av den oppfatning at vi må bli enda tydelegare på prioriteringar, og ta nødvendige grep for å halde kvaliteten på tenestetilbodet til innbyggjarane oppe. Presset på kommuneøkonomien kjem ikkje til å bli redusert. Arbeidspresset på dei tilsette er stor, og i framtida må ein arbeide på måtar som gjev meir for pengane, og på sikt gjev gevinstrealisering.

Universitetsregionprosjektet i Nord-Gudbrandsdalen er godt forankra til topps i alle kommunane. Dette skal vere eit nyskapande prosjekt som skal spele ein viktig rolle i omstillinga til meir bærekraftige kommunar. Universitetsprosjektet skal bidra til å rigge prosjekt som gjer at kommunane i større grad tar i bruk teknologi, blir betre til å samarbeide og utveksle kunnskap på tvers av sektorar, fag og nivå for å fremme innovasjon og gjennomføringsevne med utgangspunkt i innbyggjarane sine behov. Dette er det prosjektet skal ta tak i og Norges teknisk-naturvitenskapelige universitet (NTNU) ønsker å bidra til. Målet på sikt er at fleire høgskular og universitet skal involverast i utviklingsprosjekt, men vi starter med NTNU for å avklare roller, utvikle gode verktøy og modellar for utviklingsarbeidet. Regionale prosjekt som allereie er i gang, er mellom anna velferdsteknologiprojektet. Målsettinga er at heile regionen skal gå meir i takt med omsyn til bruk av velferdsteknologi. Universitetsprosjektet er organisert gjennom regionrådet.

Kartlegging av jord- og flomskred (løsmasseskred) utarbeidd av NGI på oppdrag av NVE, viser at det er store utfordringar og avgrensingar for bygging og utvikling både i Vågåmo og på Lalm. Det vil si at

det ikkje kan førast opp nybygg eller tilbygg utan at det blir gjort tiltak for sikring mot jord- og flomskred. Faresonene for jord- og flomskred for Vågåmo sentrum heng i stor grad saman med flomfare i elva Finna. Dette vil bli ei prioritert oppgåve i 2020, og kommunedirektøren ser for seg eit tett samarbeid med kommunestyret kring desse utfordringane og har sett av midlar til arbeidet i 2020.

Etter 30 år har Vågå kommune endeleg greidd å etablere Galleri Ullinsvin! Eit hovudfokus framover blir å vidareutvikle Ullinsvin som ein møteplass og galleri for både innbyggjarane i Vågå og besøkjande.

Trass i mindre overføringar frå staten leverer Vågå kommune gode tenester til sine innbyggjarar. Vi må likevel bli meir effektive og rasjonelle som organisasjon. Vågå kommune har høgt kompetente og positive tilsette som er motoren i organisasjonen, desse må involverast om omstilling skal lukkast.

Ein viktig suksessfaktor er at politikarane og kommunedirektøren har felles forståing av utfordringane Vågå kommune står overfor, og at ein kan halde fram med å gå i takt.

Vågå 8. 11. 2019



Jan-Egil Fossmo  
Kommunedirektør

## 2. DRIFTSBUDSJETT

### 2.1.Frie inntekter

	2020	2021	2022	2023
Sum frie disponible inntekter	-251 312	-251 312	-251 312	-251 312

### 2.2. Netto driftsrammer i økonomiplanperioden

	2020	2021	2022	2023
<b>Rådmann</b>	<b>34 926</b>	<b>35 971</b>	<b>35 971</b>	<b>35 971</b>
Sentraladministrasjon	14 414	15 477	15 607	15 477
Fellestjenester inkl. innfordring	7 768	7 949	7 949	7 949
Næring	1 630	1 680	1 680	1 680
Innkjøpskontor	399	399	399	399
Skattekontor	204	-	-	-
Kultur	6 906	6 861	6 731	6 861
NAV	3 605	3 605	3 605	3 605
<b>Helse og mestring</b>	<b>94 389</b>	<b>93 759</b>	<b>93 759</b>	<b>93 759</b>
Vågåheimen	32 756	32 126	32 126	32 126
Heimesjukepleia	24 520	24 520	24 520	24 520
Miljøterapitenesta	24 191	24 191	24 191	24 191
Helsetjenester	12 922	12 922	12 922	12 922
<b>Barnehage og utdanning</b>	<b>69 853</b>	<b>70 015</b>	<b>70 015</b>	<b>70 015</b>
Søre Grindstugu barnehage	8 851	8 851	8 851	8 851
Lalm barnehage	3 131	3 131	3 131	3 131
Barnehage og grunnskulens fellesskap	12 404	12 404	12 404	12 404
Lalm skule	5 709	5 709	5 709	5 709
Vågåmo skule	22 429	22 429	22 429	22 429
Vågå ungdomsskule	15 285	15 447	15 447	15 447
Kulturskulen	1 668	1 668	1 668	1 668
Vaksenopplæring	376	376	376	376
<b>Teknisk og beredskap</b>	<b>29 973</b>	<b>29 396</b>	<b>29 396</b>	<b>29 396</b>
Landbrukskontor	2 317	2 317	2 317	2 317
Beredskap	70	70	70	70
Tekniske tenester	27 586	27 009	27 009	27 009
<b>Interkommunale samarbeid</b>	<b>22 229</b>	<b>22 229</b>	<b>22 229</b>	<b>22 229</b>

### 3. INVESTERINGSBUDSJETT

#### 3.1.1. Investeringar i økonomiplanperioden

Investeringsbudsjett						
	Prosjektnr		2020	2021	2022	2023
<b>Prosjekt (brutto kostnad):</b>						
<b>Kommunedirektør</b>						
Regiondata	1006		1 273			
Nytt IT utstyr kommunehuset	1124		250			
Velferdsteknologi	3024		625	625	625	625
<b>Barnehage og utdanning</b>						
IKT-investeringar grunnskule	2015		625			
<b>Teknisk og beredskap</b>						
Prosjekt helse og omsorg (inkl. Moavegen og tiltak i boligsosial plan)	5321		4 912			
ENØK kulturhuset/Vågåhallen	5322			5 813	1 500	1 250
ENØK og ventilasjon Kommunehuset	5329		5 625	3 000	775	
ENØK Vågå ungdomsskule	5330		188	3 938	625	
ENØK Vågåheimen/Frivilligsentral	5349			3 313	4 250	4 438
ENØK Lalm skule og barnehage	5331			900	650	1 775
ENØK Dagsenter i Sjørdalen	5350			275		300
Kommunale vegar	5100		3 050	3 050	3 050	3 050
Symjehall	5330		625			
Vågå ungdomsskule, utskifting av 6 doble ytterdører	5353		413			
Tiltak etter trusselvurdering kommunehuset og helsesenteret	5351		188			
Asfaltering av parkeringsplass kommunehuset (Vågå sin halvdel)	5406		263			
Gjendegarden, 2 nye forbrenningstolett	5118			275		
Vågåheimen - utskifting av vareheis	3033		1 313			
Brøyteutstyr	5352		200			
El-bil (administrasjonsbil)	5300		450			
KS 70/18 Tankbil	5200		1 500			
<b>Sjølvcostinvesteringar:</b>						
Tiltaksplan VA Vågåmo (sjølvcost), Øvre Langskåre samt mindre tiltak sentrum	5711		2 000	3 500	3 500	3 500
Utskifting av bil, VA sektoren	5716		350		350	
Asfaltering og ombygging av miljøstasjonen	5644			1 300		
VA Skjellum	5714		1 600			
<b>Andre investeringar</b>						
Eigenkapitalinnkot KLP	1020		1 120	1 120	1 120	1 120
Nye formidlingslån	1001		4 000	4 000	4 000	4 000
Avdrag formidlingslån	1001		2 150	2 150	2 150	2 150
<b>Sum kommune</b>			<b>32 720</b>	<b>33 259</b>	<b>22 595</b>	<b>22 208</b>

#### Auking av låneopptak til startlån for vidare fordeling

Etter endringar i finanslova som gjeld 15% eigenkapital så må Vågå kommune gå for å fullfinansiere stort sett alle låna som går til finansiering av bustad. Dette gjev ei utfordring med det låneopptaket som kommunen tek opp hjå husbanken på 3 millionar pr. år. Vi går tom for lånemidlar nokså fort i løpet av året og det blir ei utfordring å hjelpe dei som eigentleg skulle ha ei moglegheit for å få lån. Det er også slik at vi overfører deler av desse midlane til tilskotskontoen og til tapsfond. Grunna lite midlar så har vi ikkje fått overført noko til desse kontoane dei tre siste åra, og dette gjev ei stor utfordring visst det kjem søknader der søkjaren har store utfordringar med å bu heime grunna helsetilstand og treng til å utbetre bustaden sin. Med tanke på tapsfondet så er dette ein "pott" som vi bruker der kommunen, grunna tvangssal og liknande, går med tap i forhold til å få dekt lånet som



vi har utestående. Kommunedirektøren rår difor til å auke låneopptaket til vidare utlån med kr. 1 mill., til totalt kr. 4 mill. Dette må sjåast i samanheng med budstadsosial plan, sjå kapittel 7.2.

### 3.1.2. Finansiering av investeringane

FINANSIERING I PLANPERIODEN:						
Bruk av investeringslån			-17 683	-14 961	-8 458	-8 536
Bruk av investeringslån (sjølvkost)			-3 950	-4 800	-3 850	-3 500
Bruk av startlån (vidareutlån)			-4 000	-4 000	-4 000	-4 000
ENØK tilskot			-290	-2 049	-782	-674
Overført frå driftsbudsjettet			-1 120	-1 120	-1 120	-1 120
Mottekne avdrag utlån			-2 150	-2 150	-2 150	-2 150
Momskompensasjon investering			-3 527	-4 179	-2 235	-2 228
<b>Sum finansiering</b>			<b>-32 720</b>	<b>-33 259</b>	<b>-22 595</b>	<b>-22 208</b>

### 3.1.3. Kommenterar til investeringsbudsjettet

#### Regiondata (2020)

Hovudtyngda av investeringar for 2020 er knytt til investeringar i nytt sak- og arkivsystem. I tillegg er det planlagt innkjøp av plattform velferdsteknologi.

#### Nytt IT-utstyr (2020)

Det er planlagt overgang til rein mobilløysing på telefoni, noko som krev at ein del gamle fasttelefonar blir skifta ut med mobiltelefonar.

Det er også planlagt oppgradering av trådløst nett i ein del kommunale bygg: Eksismoen, Frivilligsentralen og kulturhuset/Vågåhallen, noko som mellom anna vil opne for gjestenett-pålogging via mobiltelefon, slik vi har på dei fleste andre kommunale bygg.

#### Velferdsteknologi (2020)

I forbindelse med den regionale satsinga kring velferdsteknologi er det i budsjett 2020 og økonomiplanperioda lagt inn kr. 0,625 mill. årleg til formålet.

#### IKT i skulen (2020)

Satsing på IKT i skulen har halde fram i mange år. Kommunen har bygd ut både infrastruktur og oppgradert maskinpark. Kommunedirektøren vurderer det dit hen at denne satsinga må halde fram for å sikre at elevane har digital kompetanse og naudsynt IKT-utstyr i undervisninga.

#### Prosjekt helse og omsorg (inkl. Moavegen 13B og tiltak i bustadsosial plan) (2020)

Med bakgrunn i kommunestyrets vedtak i handsaming av helse og omsorgsplan, skulle prosjektet vurderast på nytt i forhold til rehabilitering av eksisterande bygningsmasse. Prosjektering av nytt alternativ vil bli avslutta i 2020. Det er gjennomført byggteknisk tilstandsvurdering ved Vågåheimen og NVE sin skredrapport (7/2018) vil få konsekvensar for prosjektet. Vidare arbeid med prosjektering og planlegging er stipulert til kr. 4,912 mill. i 2020.

#### ENØK kulturhuset / Vågåhallen (2021)

Idrettshallen har som ei mellombels ordning vore oppvarma berre med ventilasjonsanlegget. Tiltaket gjeld konvertering frå elektrisk oppvarming til biovarme i idrettshallen og i delar av kulturhuset. Arbeidet er prosjektert og planlagt gjennomført i 2021.

Vidare tiltak i tiltaksplanen kommande år:

- Kompetanseheving innan energileiing/energioppfylgjing.
- Ombygging til vassboren varme i restareal.

- Oppgradering av ventilasjonsanlegg inkludert behovsstyring.
- Utskiftning til LED-belysning.
- Bygningsmessige arbeider.

#### **ENØK og ventilasjon kommunehuset (2020)**

Ventilasjonsaggregatet på kommunehuset er fra 1984 og har passert teknisk levetid. Aggregatet treng på grunn av alder og slitasje tett oppfølging fra driftspersonell. Tiltaket gjeld utskifting av gammalt aggregat til nytt aggregat med komfortkjøling, integrering mot sd/eos, samt reingjering av eksisterende kanaler. Arbeidet er planlagt starta opp i 2020.

Vidare tiltak i tiltaksplanen kommande år:

- Kompetanseheving innan energileiing/energioppfølging.
- Oppgradering og justering av vassbore varmeanlegg.
- Oppgradering av ventilasjonsanlegg inkludert behovsstyring.
- Utskiftning til LED-belysning med ljusstyring.
- Bygningsmessige arbeider.

#### **ENØK Vågå ungdomsskule (2020)**

I tiltaksplanen kommande år:

- Kompetanseheving innan energileiing/energioppfølging.
- Ombygging til vassbore varme.
- Oppgradering av ventilasjonsanlegg inkludert behovsstyring.
- Utskiftning til LED-belysning.
- Bygningsmessige arbeider.

#### **ENØK Vågåheimen / Frivilligsentral (2021)**

I tiltaksplanen kommande år:

- Kompetanseheving innan energileiing/energioppfølging.
- Oppgradering /justering av vassbore varmeanlegg.
- Oppgradering av ventilasjonsanlegg med behovsstyring.
- Utskiftning til LED-belysning.
- Bygningsmessige arbeider.

#### **ENØK Lalm skule og barnehage (2021)**

I tiltaksplanen kommande år:

- Kompetanseheving innan energileiing/energioppfølging.
- Oppgradering av varmeanlegg.
- Oppgradering av ventilasjonsanlegg med behovsstyring.
- Utskiftning til LED-belysning.

#### **ENØK Dagsenter i Sjørdalen (2021)**

I tiltaksplanen kommande år:

- Kompetanseheving innan energileiing/energioppfølging.
- Oppgradering/justering av varmeanlegg.
- Oppgradering av ventilasjonsanlegg med behovsstyring.
- Utskiftning til LED-belysning.

### **Kommunale vegar (2020)**

Årleg investering på kr. 2,5 mill. er lagt inn jf. Kommunestyrevedtak 83/16. Investeringsplan for veg må vurderast opp mot hovudplan veg med tanke på vidare investeringar frå 2020.

### **Symjehall (2020)**

Det er lagt inn kr. 0,625 mill. i 2020 for vidare utredning kring ny symjehall.

### **Vågå ungdomsskule, nye ytterdører (2020)**

Ytterdørane er gamle og må skiftast ut.

**Formannskapetets framlegg: Prosjektet er flytta fram frå 2021 til 2020.**

### **Tiltak etter trusselvurdering kommunehuset og helsesenteret (2020)**

Det er gjennomført ei risikovurdering ved kommunehuset og ved Vågå helsesenter.

I handlingsplanen er det følgjande tiltak beskrive:

- Montering av adgangskontroll på dør for å sluse besøkjande inn hovudinngang.
- Montering av sluse i servicetorget.
- Alarm.

### **Asfaltering/oppgradering av parkeringsplassen på kommunehuset (2020)**

Asfalten går i oppløysing, og må oppgraderast. Dette blir gjort i samarbeid med Eidefoss.

### **Utviding av torgplass (2020)**

Utviding av torgplass inkludert flytting av infotavle 200 000 eks. mva. Torgplassen utvidast og infotavle vert flytta bakover på grøntarealet. Dette gjev ein sentral torgplass i sentrum.

**Formannskapetets framlegg: Prosjektet er teke ut av økonomiplanen.**

### **Gjendegarden, forbrenningstoalett (2021)**

For å få ei miljømessig toalettlysing på Gjendegarden er det budsjettert med å etablere 2 stk forbrenningstoalett med bygningsmessige tilpasningar. Det er også lagt inn kostnadar til utskifting av vindauger.

### **Vågåheimen, utskifting av vareheis (2020)**

Etter fleire avvik frå heiskontrollen må vi nå uavhengig av helse- og omsorgsprosjektet skifte ut vareheisen. Alternativet vil vere å måtte stenge heisen.

### **Brøyteutstyr (2020)**

For brøyting og strøying av kommunale friareal, gangbanar og inngangsparti på formålsbygga der entreprenørane har for stort utstyr. Det vert i dag nytta ei slåttmaskin som er svært lite eigna. Dette fører til årlege reperasjonar og unødig slitasje. Ein hjullaster med brøyteskjær/ skuffe mm. vil også effektivisere anna vedlikehaldsarbeid i kommunen.

### **El-bil (administrasjonsbil) (2020)**

I vedteken kommunedelplan for klima og energi er ladepunkt for el-bilar eitt av fleire tiltak som blir peikt på i handlingsplanen. I planen skal kommunen «innføre skjerpa energi- og miljøkrav til kommunal bilpark» og vera «ein pådrivar i energi og klimaspørsmål».

Det er etablert eit lade punkt på parkeringsarealet ved kommunehuset, med støtte frå miljødirektoratet. Ved ei årleg kjørelengde på 18 000 km. er det berekna ei innsparing på ca. 25 000 pr. år/kjøretøy. (Ref. Smarte Penger «Elbil versus vanlig bil»)

### **Tankbil (2020)**

Tankbilen som kommunen har er, frå 1999 og har gått om lag 1 000 000 km. Tankbil er viktig sett opp mot kommunen sin beredskap. Tankbilen vil bli nytta til å forsyne befolkninga med reint drikkevatt i ein eventuell krisesituasjon, samt at den er heilt avgjerande ved brannutrykningar der det ikkje finst brannvatn lett tilgjengeleg. Skal vi sikre beredskapen i kommunen jf. kommunen sine beredskapsplanar trengst det å investere i nyare tankbil.

### **Tiltaksplan VA Vågåmo (sjølvkost), Øvre Langskåre samt mindre tiltak i sentrum (2020)**

Kommunestyret vedtok i KS 7/18 tiltaksplan for Vågåmo inkludert Sveaholen, med ei totalramme på kr. 35 mill. fordelt over 10 år. Eitt av dei større tiltaka er ferdigstilt i 2019 (Nedre Langskåre). I 2020 er planen å utføre tiltaka i Øvre Langskåre, samt mindre tiltak i sentrum.

### **Utskifting av bil VA-sektoren (sjølvkost) (2020)**

Vågå kommune har i dag 2 bilar disponible for va-sektoren. Den eine er ein 2003 mod. Volkswagen Caravelle. Den andre er ein 2012 mod Mitsubishi Pajero. Desse bilane byrjar å bli gamle, og er i bruk mellom anna til å frakta kanner med klor ut til dei einskilde vassverka. Desse bilane har ikkje skilje mellom lasterom og førarkabin.

Planen er å bytta ut Mitsubishi Pajero med ein nyare bruktbil av type pickup med separat lasterom i 2020. Den andre bilen er planlagt bytta ut i 2022.

### **Asfaltering og ombygging av miljøstasjonen (sjølvkost) (2021)**

NGR har behov for fast dekke på planert areal mot sør (tidligere slamdeponi). Dette arealet skal NGR nytte til lagring av retur-tre og hageavfall, og dei er avhengig av fat dekke for å ikkje få innblanda stein i fraksjonar som skal kvernast.

### **VA Skjellum (sjølvkost) (2020)**

Tiltaket gjeld vidareføring av eksisterande anlegg på Skjellum som pr. i dag forsyner ein abonnent. Denne vidareføringa vil gje 6 nye husstandar høve til å kople seg på det kommunale nettet.

## **4. EIGEDOMSSKATT**

Vågå kommune utvida frå og med 01.01.2014 eigedomsskatten til å gjelde heile kommunen, der det tidlegare berre var kravd eigedomsskatt for bustader i sentrumsområdet (Vågåmo). Dei seinare åra har promillesatsen vore 4,3 promille av eigedomsskattegrunnlaget, med eit botnfrådrag på 100.000.

I KS 38/18 vart det vedteke at det i 2019 skulle gjennomførast ei alminneleg omtaksering av eigedomsskatten med bakgrunn i at det var 10 år sidan sist, jf. eigedomsskattelova § 8A-3. Nytt eigedomsskattegrunnlag skal vere gjeldande frå og med 01.01.2020.

Takstnemnda er nå i slutfasen av takseringsarbeidet, og har lagt til grunn eit realistisk og differensiert takstnivå som avspeglar forskjellane mellom standard og plassering i meir eller mindre attraktive soner.

Kommunedirektøren legg til grunn at promilla blir sett ned til 4,0 % for å imøtekoma forslaget frå regjeringa om å sette ned maks-satsen til 4 % frå 2021. Kommunedirektøren legg også til at botnfrådraget på kr. 100.000,- blir teke ut, sidan dette frå 2020 blir erstatta av reduksjonsfaktoren på 30 %. Reduksjonsfaktoren er i dei fleste tilfella langt høgare enn eit botnfrådrag på kr. 100.000.

Eigedomsskatt frå kraftverk auka med kr. 1,6 mill. Eigedomsskattegrunnlag for kraftverk er fastsett av staten. Dei endelege listene med eigedomsskattegrunnlag for kraftverk ligg ikkje føre på budsjetteringstidspunktet.

	2017	2018	2019	2020
Inntekter frå eigedomsskatt	13 671	13 953	16 900	22 200

## 5. NÆRINGS- OG LANDBRUKSFOND

Vågå kommune har fram til august 2020 inngått leigeavtale med Skåppå, som handterer fyrstelinjetenesta i kommunen. Dette samarbeidet fungerer svært godt, og det må sjåast på eit vidare samarbeid når eksisterande avtale utløper. For å kunne utnytte ressursane som jobbar innanfor fyrstelinja i Nord Gudbrandsdalen betre, kan det vere hensiktsmessig å utgreie eit ytterlegare samarbeid innanfor næringsarbeid. Dette for å kunne tilfredsstille næringslivet sitt behov og for å betre nytte fyrstelinja si spesialkompetanse.

Det vart i fyrste halvår 2019 utarbeidd og utvikla ein tiltaksplan for næringslivet som er tufta på tiltaka i samfunnsdelen i Kommuneplanen. Det er viktig at Vågå Kommune klarer å følge opp og gjennomføre tiltaka, samt å rullere tiltaka årleg for å ha tiltak oppdatert til marknadsutviklinga.

Det er knytt usikkerheit kring midlane til næringsformål frå Oppland Fylkeskommune og kva som skjer med denne ordninga dei neste åra. Det er avgjerande for Vågå Kommune si næringsssatsing at desse midlane blir oppretthalde.

Tilskot frå Oppland fylkeskommune og inntekter frå konsesjonsavgift er bundne midlar som må nyttast til næringsformål. I 2020 er dette budsjettert til kr 449' frå Oppland fylkeskommune, kr 800' frå konsesjonsavgift. I tillegg kjem renter av fondsmidlar på kr 20'.

I kommunestyresak 101/14 vart det vedteke at 5 % av utbytte frå Eidefoss skulle avsetjast til næringsfond, for 2020 utgjør dette kr. 250'. Dette er frie midlar, og blir avsett til disposisjonsfond. I tillegg er det i kommunedirektørens forslag avsett ytterlegare 550' av frie midlar til disposisjonsfond næring.

Total avsetjing til landbruksfond: 250'

Total avsetjing til fond for kulturbasert næring (arrangementsstøtte): 75'

Total avsetjing til næringsfond: 1.744'

Frå næringsfond (bundne midlar) ligg det inne fast vedtak om å dekkje 20' til næringspris, samt 400' i tilskot til Regionrådet. Frå disposisjonsfond næring ligg det inne vedtak om kr 300' til Nasjonalparkriket reiseliv (FS 30/19) og 150' til Vågåfjell turløyper.

## 6. STATUS

### 6.1. Økonomi

Vågå la fram årsrekneskap både i 2017 og 2018 med eit mindreforbruk. Mindreforbruket har i all hovudsak vorte sett av til disposisjonsfond. Mindreforbruket dei siste åra skuldast hovudsakleg eingongshendingar, som auka skatteinntekter eller lågare pensjonsutgifter. Tenesteområda har ikkje klart å halde vedtekne budsjettamar, og ofte levert rekneskap med meirforbruk.

Kommunedirektøren har i budsjettarbeidet for 2020 fokusert på at tenesteområda skal få så realistiske budsjett at desse skal kunne haldast.

Den økonomiske situasjonen for Vågå kommune har dei siste åra vorte stadig meir utfordrande. Kraftinntektene har vorte reduserte, samtidig med at overføringane frå staten minkar, mykje på grunn av nedgang i folketal. I budsjettet for 2020 har kraftinntektene auka noko som følgje av utbyggjinga av Nedre Otta som genererer eigedomsskatteinntekter i utbyggjingsperioden. Det er viktig å vere klar over at desse inntektene er midlertidige, og vil bli reduserte når Nedre Otta går over i produksjon, truleg frå budsjettåret 2021.

Budsjettet for 2019 vart omtala som «omstillingas år» for Vågå kommune. Arbeidet pågår framleis på fleire område, både internt, men og utredning av samarbeid med andre kommunar.

Kommunedirektøren har stadig fokus på gevinstrealisering, både ved utviklingsarbeid og ved digitalisering.

Gjennom tertialrapportering i 2019 er kommunestyret kjent med at driftsnivået i Vågå kommune framleis er for høgt. For å kunne nå vedtekne handlingsreglar må driftsutgiftene ned. Framtidige overføringar frå Staten vil bli redusert i åra framover, i tråd med at befolkningsammansetjinga endrar seg.

Framtidig mål er å minst oppfylle handlingsreglane. Med bakgrunn i omtaksering av eigedomsskatt og auka kraftinntekter gjev det kommunen utvida handlingsrom til å halde fram med naudsynt omstillingsarbeid i 2020.

#### 6.1.1. Handlingsreglar for Vågå kommune

I økonomiplanen for 2017—2020, vart handlingsreglar for økonomistyringa i Vågå kommune formulert om, og er nå slik:

1. Korrigert netto driftsresultat skal årleg budsjetterast til minimum 1,75 % av brutto driftsinntekter.
2. Disposisjonsfond skal utgjere minimum 12 % av brutto driftsinntekter ved utgangen av økonomiplanperioden.
3. Lånegjeld, med frådrag av vidareutlån og lån til sjølvkostområde, skal utgjere maksimalt 81 % av brutto driftsinntekter.

På grunn av dei økonomiske utfordringane Vågå kommune har i 2020 klarer vi ikkje å leve opp til handlingsregel 1 og 2.

#### 6.1.2. Oversikt over netto driftsresultat korrigert for premieavvik og bundne fond

Netto driftsresultat er eit av dei viktigaste måltala for kommunal økonomi. Det viser forholdet mellom inntekter og kostnader, og med dette korleis drifta i kommunen går i balanse. Talet blir reelt

når ein tek bort tal som ikkje representerer reelle inntekter. I tillegg må ein ta omsyn til premieavvik frå pensjonar, samt bruk og avsetjing til bundne fond. Det ein da står att med er korrigert netto driftsresultat.

	Rekneskap 2017	Rekneskap 2018	Budsjett 2019	Ø-plan 2020	Ø-plan 2021	Ø-plan 2022	Ø-plan 2023
Netto driftsresultat	5 322	-886	-9 397	-12 316	-12 927	-13 257	-12 927
Premieavvik	2 847	5 590	11 096	14 457	14 457	14 457	14 457
Attendeført premieavvik	-3 045	-3 024	-3 625	-4 669	-4 669	-4 669	-4 669
Avsetning til bundne fond	3 140	3 062	1 264				
Bruk av bundne fond	-10 975	-6 410	-2 735				
Netto avsetning eller bruk av bundne fond				443	443	443	443
Korrigert netto driftsresultat	-2 711	-1 668	-3 397	-2 085	-2 696	-3 026	-2 696
Brutto driftsinntekter	-339 558	-345 539	-345 539	-348 986	-347 491	-347 491	-347 491
Netto driftsresultat i % av brutto driftsinntekter	-1,6 %	0,3 %	2,7 %	3,5 %	3,7 %	3,8 %	3,7 %
Korrigert netto driftsresultat i % av brutto driftsinntekter	0,8 %	0,5 %	1,0 %	0,6 %	0,8 %	0,9 %	0,8 %

### 6.1.3. Rekneskapsføring av pensjon

Summen av medlemsinnkot (arbeidstakar sin del) og den delen arbeidsgjevar skal betale av lønsutbetalingane svarar til den totale pensjonspremien som kommunen betaler til pensjonsforsikringselskapa for det aktuelle året.

I driftsrekneskapan blir det imidlertid utgiftsført det beløpet som pensjonsforsikrings-selskapa reknar ut (ut frå langsiktige føresetnader om avkastning, lønsvekst og G-regulering) som årets pensjonskostnad for Vågå. Forskjellen mellom betalt pensjonspremie og utrekna pensjonskostnad blir kalla **premieavvik** og skal inntekts- eller utgiftsførast i driftsrekneskapan og i balansen.

Etter reglar i Forskrift om årsrekneskap og årsberetning for kommunar, er det gjeve moglegheit til at forskjellen mellom innbetalt premie og utrekna kostnad — i perioden 2003 til 2010 — skal kunne førast i rekneskapan over dei neste 15 år. Frå og med 2011 er regelen endra slik at premieavvik som oppstår frå og med 2011 kan førast i rekneskapan over dei neste 10 år. Frå 2015 skal premieavvik rekneskapsførast over 7 år. I driftsbudsjettet for 2020 er det budsjettert å attendeføre (utgiftsføre) premieavvik med 4.669 mill. kroner. Dette er i hht. utrekningar frå pensjonsselskapa.

For Vågå har vi gjennom dei åra vi har hatt denne ordninga betalt meir i premie enn kva som har vore utrekna som pensjonskostnad. Pr. 31.12.18 er forskjellen mellom innbetalt premie og utgiftsført pensjonskostnad på 17,6 mill. kroner (arbeidsgjevaravgift kjem i tillegg). På grunn av at det er den berekna kostnaden, og ikkje det vi faktisk har betalt som blir ført i rekneskapan, har dette over år gjeve eit positivt premieavvik. Eit positivt premieavvik blir inntektsført i driftsrekneskapan det året premieavviket oppstår, og ført i balansen som "fordring" på pensjonsordninga. I dei etterfølgjande hhv. 15, 10 og 7 åra må akkumulert premieavvik kostnadsførast i driftsrekneskapan.

#### 6.1.3.1. Rekneskapsføring av pensjon SPK

År	Premieavvik	Attendeført	Attstående
2008	-459	-25	-212
2009	140	5	-67
2010	259	-4	187
2011	-705	-21	-539
2012	-717	49	-1 207
2013	-960	121	-2 046
2014	-495	217	-2 324
2015	433	287	-1 603

2016	215	225	-1 162
2017	-109	196	-1 075
2018	-406	196	-1 284

#### 6.1.3.2. Rekneskapsføring av pensjon KLP

År	Premieavvik	Attendeført	Attstående
2008	2 989	-636	9 941
2009	2 018	-835	9 324
2010	1 531	-850	10 005
2011	332	-952	9 385
2012	7 240	-985	15 640
2013	2 440	-1 709	16 371
2014	6 567	-1 953	20 984
2015	-1 426	-2 891	16 667
2016	2 587	-2 687	16 567
2017	2 785	-3 057	16 294
2018	5 647	-3 039	18 903

Netto framtidig forplikting premieavvik (inkludert arb.g.avg)	18 746
Disposisjonsfond pensjon pr. 31.10.2019	17 959


#### 6.1.4. Lånegjeld

	Vågå 2018	Oppland 2018	Norge 2018
Netto lånegjeld pr. innbyggjar *	78 171	73 437	75 648

\* SSB/KOSTRA: A1. Konsern — Finansielle nøkkeltal og adm., styring og fellesutg



## Netto lånegjeld i kroner per innbygger (B)



	2015	2016	2017	2018
Vågå	75 187	76 247	75 569	78 171
Oppland	53 175	58 253	64 268	73 437
Kostragruppe 02	68 203	73 210	77 113	81 370
Landet uten Oslo	62 604	67 048	71 106	75 648

## 6.2. Demografi

### 6.2.1. Helsetilstanden i befolkninga

Vågå kommune er eit Trygt lokalsamfunn og ei trafikkisikker kommune, med fokus på førebygging av skader og ulykker. Gjennom ny folkehelselov er kommunen pålagt å drive helseovervaking, samt følge med på negative og positive faktorar som kan verke inn. Særleg merksame skal vi vera på utviklingstrekk som kan skape eller behalde sosiale helseforskjellar. Satsingsområda i ny folkehelsemelding 2019 er:

- \* Førebyggje sosial ulikheit barn og unge
- \* Innvandrarar og funksjonshemma
- \* Leggje til rette for friluftsliv og aktivitet i nærmiljøet
- \* Førebyggje einsemd, særleg blant eldre og barn og unge

### 6.2.2. Likestilling

Kvinner utgjer om lag 80 % av dei tilsette i kommunen, det er vidare langt fleire kvinner enn menn som har deltidsstillingar. I kommune-Norge inkludert Vågå, blir det arbeid for å redusere uønskt deltid og få innarbeidd ein heiltidskultur. Det vil i Vågå framleis vere eit mål å rekruttere fleire mannlege medarbeidarar i kvinnedominerte yrke. Gjennom Hovudtariffavtalen er det no også teke inn føring for den lokale lønspolitikken slik at den skal «utformes og virke slik at kvinner og menn likebehandles i vurdering av lønn og avansement for arbeid av lik verdi».

Kommunen ønskjer å vere open og inkluderande både i høve etnisitet og funksjonsnivå. Ved rekruttering skal minimum ein minoritetsspråkleg søker bli kalla inn til intervju dersom han/ho er kvalifisert for stillinga.

### 6.2.3. Integrering

Samfunnsoppdraget er at flyktningar og innvandrarakar skal bli sosialt, økonomisk og kulturelt integrert. Vågå kommune er proaktive med omsyn til mottak/ integrering og for å få flyktningar ut i meiningsfull aktivitet. Vi har gjennom dei tre siste åra vore deltakarakar i prosjektet "flyktning som ressurs". Dette prosjektet skal avsluttast i 2019 og inngå i ordinær drift.

Integrering er ein kontinuerleg prosess og handlar om positivt samspel mellom innvandrarakar, lokalsamfunn og offentleg sektor.

### 6.3. Beredskap

Kommunane utgjer fundamentet i samfunnet sin kriseberedskap ut frå prinsippet om at alle kriser skal handterast på lågast mogleg nivå. Kommunane har beredskapsplikt jf. Lov om kommunal beredskapsplikt, sivile beskyttelsestiltak og Sivilforsvaret og pliktar å utarbeide risiko- og sårbarheitsanalyse.

Risiko- og sårbarheitsanalysen kartlegg kva uønskte hendingar som kan inntreffe i kommunen, vurderer sannsynlegheit for at hendingane kan kome til å skje og konsekvensar av desse. Det skal vurderast førebyggjande tiltak for å hindre at uønskte hendingar skjer og konsekvensreducerande tiltak om / når slike hendingar skjer.

Vågå kommune har overordna beredskapsplan som inneheld ei oversikt over kva tiltak kommunen har førebudd for å handtere uønskte hendingar. Beredskapsplanen blir meir eller mindre kontinuerleg oppdatert, og kommunen gjennomfører beredskapsøving i tråd med Fylkesmannen sitt oppsett. Ut over dette har vi årleg møte i Beredskapsrådet og i den kommunale kriseleiinga.

I Vågå kommune har vi risiko- og sårbarheitsanalysar (interkommunal ROS) og overordna kommunal beredskapsplan.

I tillegg til overordna planar, så har vi også planar på dei forskjellige tenesteområda.

## 7. TILTAK I ØKONOMIPLANPERIODEN

### 7.1. Planoppgåver

Innan eitt år etter konstituering skal kommunestyret vedta ny kommunal planstrategi som skal vere eit hjelpemiddel for det nye kommunestyret til å avklare kva for planoppgåver kommunen skal prioritere i planperioden for å møte kommunen sitt behov. I arbeidet med planstrategien skal mellom anna kommunestyret prioritere kva for planar som skal reviderast og eventuelt utarbeidast. I førre planperiode var det lista opp fleire kommunale reguleringsplanar som kommunen bør vurdere revisjon av. I 2017 vart det gjennomført statleg skredkartlegging innanfor delar av Vågå kommune. Vågåmo sentrum og Lalm var mellom anna område som vart kartlagt. Kartlegginga viser at store areal som er avsett til byggeformål, eksisterande og framtidig, ikkje har tilfredstillande sikkerheit med omsyn til naturfare, jf. pbl. § 28-1 og byggt teknisk forskrift. NVE – rapport nr. 64 – 2018 viser område som er kartlagt og faresoner. Som ein konsekvens av faresonekartlegginga vil det i samband med byggesøknader og reguleringsplanarbeid for område som er råka av ulike faresoner, vere behov for å greie ut kva tiltak som kan gjerast for ivaretaking av tilfredsstillande tryggleik, noko som krev kjøp av tenester. I budsjett for 2020 er det avsett kr. 0,5 mill. til dette formålet.

Prosessen med revisjon av kommunedelplan for klima og energi fortsett inn i 2020.

Bustadsosial plan for Vågå kommune skulle vore revidert i 2019. Dette arbeidet har stoppa opp og revidering av planen skal gjennomførast i 2020. Denne planen må bli sett i samanheng med helse- og omsorgsprosjektet.

## 7.2. Bustadsosial plan

Formannskapet i Vågå kommune vedtok 23.01. 18 samrøystes at det skulle i gang eit arbeid med revidering av bustadsosial handlingsplan.

Planperioda skal vera 2019—2022, med rullering annakvart år.

**Formål med den kommunale bustadpolitiske planen er å få:**

- oversikt over bustadbehovet i Vågå kommune
- auka kjennskap og meir effektiv bruk av verkemiddel gjennom Husbanken
- betre ressursutnytting i kommunen
- viktig å få retta opp manglande steg i omsorgstrappa

I 2015 vart ein regionale plan for bustadpolitikk i Nord- Gudbrandsdal ferdigstilt. Den regionale planen består av tre hovuddeler; allmenn bustadforsyning, sosial bustadforsyning og fritidsbustader som ein del av bustadforsyningspolitikken. Den regionale planen har følgjande tre hovudmål:

1. «Å sikre at kommunene har tilgjengelige boligtomter og legger til rette for bustadbygging i attraktive områder.»
2. «Å sikre at kommunene har gode botilbud til vanskeligsstilte på boligmarkedet»
3. «Å tilby hytteeiere fastboligstatus i de hytteområdene som har en teknisk og funksjonell standard som i hovedtrekk på nivå med ordinære boliger»

Bustadsosial plan vil bli lagt fram for kommunestyret første kvartal 2020.

## 8. KONSEKVENSAAR KNYTT TIL ÅRSBUDSJETT OG ØKONOMIPLANPERIODEN

### 8.1. Innsparingstiltak

Tiltak med større innsparingar i økonomiplanperioden, utgangspunkt er opphavleg budsjett 2019:

Tiltak	2020	2021	2022	2023
Prosjektlear eigedomsskatt	-650	0	0	0
Vakanse kommunalsjef helse og mestring	-202	0	0	0
Utleige av informasjonsmedarbeidar	-113	-113	-113	-113
Statleggjering av skatteoppkrejvarfunksjon	-352	-556	-556	-556
Redusert bemanning vaksenopplæring	-219	-219	-219	-219
Redusert bemanning Lalm skule	-458	-458	-458	-458
Vågåheimen – slå saman to avdelingar til ei	-1370	-2000	-2000	-2000
Redusert kommunal del oppmålingsingeniør	-284	-284	-284	-284
Redusert 1,05 årsverk reinhald	-520	-520	-520	-520

Innsparing interkommunalt samarbeid NGLMS	-336	-336	-336	-336
Auka eigedomsskatt kraftverk og kraftliner	-2000	-2000	-2000	-2000
Auka eigedomsskatt bustad og fritidseigedom	-3300	-3300	-3300	-3300

\*Alle tal i heile tusen

### 8.1.1. Kommenterar til innsparingstiltak

#### Område kommunedirektør:

Kommunestyret vedtok i sak 38/18 å tilsette ein prosjektleiar for omtaksering av eigedomsskatt. Den same personen fekk tilbod om fast jobb i kommunen når ein tidlegare tilsett gjekk av med pensjon. Arbeidet med omtaksering er løyst internt, slik at det ikkje er tilsett ny prosjektleiar.

Stillinga som kommunalsjef for helse og mestring har vore lyst ut 3 gonger, utan at det har lykkast med å få tilsett. Stillinga blir lyst ut på nytt før jul, med håp om tilsetjing våren 2020.

Informasjonsmedarbeidaren til Vågå kommune blir også for 2020 leigd ut i 20% stilling til Regionrådet i samband med utbygging av breidband i Nord Gudbrandsdalen.

I Regjeringas forslag til statsbudsjett for 2020 er skatteoppkrevjarfunksjonen (inkludert arbeidsgjevarkontrollen) planlagt statleggjort frå 01.06.2020. Vågå kommune er vertskommune for 5 kommunar på skatteoppkrevjarområde (Dovre, Lom, Skjåk, Vågå og Sel), og for heile 6K når det gjeld arbeidsgjevarkontrollen. Kontoret utgjer totalt 4 årsverk, der 0,5 årsverk er kommunalt tilsett (innfordring av kommunale krav for Vågå og Sel). 3 av desse årsverka er teke ut frå 01.06.2020.

#### Område barnehage og utdanning:

Vågå ungdomsskule har redusert budsjettet sitt med kr. 0,25 mill. Det er teke ut kr. 50.000 som var tenkt brukt til alternativ opplæringsarena for elev(ar) som har behov for eit slik tilbod, posten til telefonutgifter er redusert og resten er teke frå lønnsbudsjettet. Reduksjonen i lønnsbudsjettet medfører at ein stillingsstorleik innlagt frå 01.08.2020 på 60 % er redusert til 30 %, og at det blir mindre bruk av tolærar i basisfag, noko som vil føre til lågare lærartettleik og oppfølging for elevane. Lalm skule har ein nedgang i budsjett for 2020. Dette skuldast anna organisering frå hausten 2019 der ein tok ned ressurs til assistent og lærar, og at det utover det var eit visst handlingsrom i budsjettet for 2019 som ein no har teke ut.

Lønnsutgiftene ved Vågå vaksenopplæring er teke ned da det her vart redusert med ei 50 % lærarstilling frå hausten 2019, og som blir vidareført i 2020.

#### Område helse og mestring:

Med bakgrunn i redusert tal på langtidsopphald, samt samarbeid med Sel kommune på korttids plassar er det lagt inn innsparing på Vågåheimen ved å stengje ei avdeling. (sjå kap. 9.1.3)

#### Område teknisk og beredskap:

Basert på faktisk bruk er den kommunale andelen av oppmålingsingeniøren redusert, da ein større del av arbeidsoppgåvene fell innan sjølvkost. Vågå kommune sel og oppmålingstenester til Skjåk kommune tilsvarande ei 30 % stilling.

Avdelingsleiar for kommunal eigedom har omorganisert oppgåver innan reinhald, noko som gjer at ein kan spare vel eit årsverk. Omorganiseringa medfører ikkje reduksjon i utført reinhald, men administrasjonsressursen blir mindre.

**Område interkommunale samarbeid:**

Alle interkommunale samarbeid fekk i oppgåve å utrede 3,5 % kutt. I tillegg har andre kommunar teke sengeplassane ved NGLMS i større bruk. Dette fører til at Vågå sin andel blir redusert.

**Område frie inntekter og finans:**

Eigedomsskatten er kommentert i kapittel 4.

## 8.2. Tiltak som aukar driftsutgiftene

Tiltak med større auke i økonomiplanperioden, utgangspunkt er opphavleg budsjett 2019:

Tiltak	2019	2020	2021	2022
Auka overføring kyrkjeleg fellesråd	150	150	150	150
Stipendstillingar innan helse og mestring	120	120	120	120
Leiarutvikling	250	250	0	0
Reduserte inntekter integreringstilskot	330	330	330	330
Redusert samarbeid kring innfordring	307	307	307	307
Auka budsjett Vågåmo skule	1732	1732	1732	1732
Auka budsjett Søre Grindstugu barnehage	1784	1784	1784	1784
Auka tilskot private barnehager	1000	1000	1000	1000
Auka utgifter fosterheimsbarn i andre komm.	250	250	250	250
Redusert inntekt langtidsopphald Vågåheimen	1150	1150	1150	1150
Miljøterapitenesta (MTT) auke med 78% stilling	456	456	456	456
Auka utgifter kjøp av andre kommuner MTT	200	200	200	200
Auka utgifter "Inn på tunet" MTT	275	275	275	275
Auka utgifter landbrukskontor	364	364	364	364
Konsulentbistand nye vegkontrakter	100	0	0	0
Konsulentbistand plan og miljø	500	0	0	0
Auka utgifter kommunal eigedom	1300	1300	1300	1300
Auka utgifter brann	125	125	125	125
Auka utgifter kommunepsykolog	131	131	131	131
Heilårsverknad korttids plassar NGLMS	1000	1000	1000	1000
Auka utgifter barnevern	235	235	235	235

### 8.2.1. Kommenterar til tiltak som aukar driftsutgiftene

**Område kommunedirektør:**

For overføringar til kyrkja sjå kapittel 8.4

Kommunedirektøren har i planperioden lagt inn 6 stipendstillinger kvart år innan helse og mestring. Målet er å knyte til seg framtidig arbeidskraft og kompetanse, og gjennom det sikre betre rekruttering.

Vidare er det avsett midlar til å gjennomføre leiarutvikling på tenesteleiarnivå. Ulike aktørar er vurdert, og programmet skal i gang våren 2020.

På grunn av flyktnings situasjonen i Europa er etterspørselen etter kommunar som kan ta i mot flyktningar betydeleg redusert. Vågå kommune har vedtak på å busetja 10 flyktningar i året, det er usikkert om kommunen får tilbod om å busetja så mange framover.

Sel kommune har signalisert at dei framover vil løyse oppgåvene sjølve innan innfordring av kommunale krav. Dei siste åra har Vågå kommune hatt denne oppgåva for begge kommunane.

#### **Område barnehage og utdanning:**

Kulturskulen sitt budsjett er auka med kr. 0,168 mill. i 2020. Det er fyrst og fremst midlar til felelærar frå januar 2020 som er årsak til dette. Det har ikkje vore felelærar i kulturskulen hausten 2020, men ein håpar å få inn det i 2020, og at ein kan ha eit samarbeid med Vågå spel- og dansarlag her. I arbeidet med ny kulturskuleplan vil ein sjå meir på og prøve å konkretisere samarbeid med mellom kulturskulen og frivillige lag og foreiningar på fleire område, med mål om å få til meir undervisning innanfor dei økonomiske rammene vi har.

Vågåmo skule får styrka budsjettet sitt med kr. 1,750 mill. Gjennom å styrke grunnbemanninga håpar ein på sikt å få ned talet på enkeltvedtak om ressursar til spesialundervisning. Lærarnormen som Stortinget har vedteke gjer også at dei har behov for fleire lærarar.

I barnehagane er det løpande inntak gjennom året. Dette gir eit godt servicetilbod til innbyggjarane våre med tanke på fleksibilitet, og ikkje minst med tanke på å vera ein tilflyttingsvenleg kommune. På den andre sida gir det lite forutsigbarheit for barnehagane og kva bemanning dei treng gjennom året, noko som har ført til budsjettsprekkar. Søre-Grindstugu får difor ein auke i budsjettet for 2020, mellom anna på grunn av inntak av mange nye barn på nyåret i 2020.

Fleire barn i dei private barnehagane, samt høgare sats gjer at overføringane blir større.

#### **Område helse og mestring:**

Inntekter frå langtidsopphald er redusert, med bakgrunn i færre langtidspatientar ved Vågåheimen.

Innan Miljøterapitenesta er tenesta styrka med merkantil ressurs i samband med lukking av avvik. Tenesta har og auka utgifter til "Inn på tunet", samt kjøp av avlastningsplassar for barn i andre kommunar.

#### **Område teknisk og beredskap:**

Landbrukskontoret for Vågå og Sel har tidlegare seld skogbrukstenester og til Lom kommune. Dette er nå avslutta etter at Lom og Skjåk inngjekk samarbeid om felles skogbrukskontor.

Område plan og miljø vart i budsjettet for 2019 styrka med kr. 0,5 mill. til oppfølging av NVE sin skredfarerapport. På grunn av vakanse kom ikkje arbeidet i gang i 2019, slik at løyvinga blir vidareført for 2020. Det same gjeld konsulentbistand til utarbeiding av nye vegkontraktar.

Auka utgifter innan kommunal eigedom skuldast reduserte husleigeinntekter, både på grunn av standarden og ledige bustader.

Innan brannområde er det auka utgifter til nødnett og 110 sentral.

#### **Område interkommunale samarbeid:**

Frå 2020 er kommunane pålagt å ha psykolog. Vågå kommune har gått inn i eit samarbeid med Lom og Skjåk, der Lom er vertskommune. Psykologen er tilsett.

Sjølv om det er usikkerheit knytt til korttidsplassane på NGLMS grunna brannen i Sel kommune er likevel heilårsverknad av å kjøpe 4 plassar lagt inn i budsjettet. Ressursane blir uansett nytta ved Vågåheimen om dette drar ut i tid.

Auka budsjett innan barnevernsområdet er knytt til auka aktivitet i tenesta.

### **8.3.Framlegg som ikkje påverkar talbudsjettet**

#### **8.3.1. Omfordeling av budsjетtramar**

Kommunedirektøren har gjennom året 2019 vurdert nødvendigheten av å tilpasse aktivitetsnivået til tenestemråda sine faktiske behov. I budsjett for 2020 og økonomiplanperioda er det derfor vore omfordeling av budsjетtramane mellom tenestemråda.

### **8.4.Vågå kyrkjelege fellesråd**

Tilskotet til Vågå kyrkjelege fellesråd er auka med kr. 0,150 mill. med bakgrunn i at overføringane ikkje har vore justert for prisvekst dei siste åra.

### **8.5.Tiltak det ikkje er funne rom for i 2020**

#### **Kyrkja – arkivsystem**

Vågå kyrkjelege fellesråd søkte Vågå kommune om støtte til innkjøp av digitalt arkivsystem. Vågå kyrkjelege fellesråd har i dag eit manuelt papirarkiv som krev mykje vedlikehald. Kostnaden med å gå over til eit digitalt arkivsystem er stipulert til kr. 50.000 i året. Kommunedirektøren legg fram eiga sak til formannskapet i løpet av desember 2019.

#### **Lemonsjøen skiheis – støtte**

Vågå kommune har motteke ein søknad om støtte/invitasjon til samarbeid med Lemonsjøen Alpinsenter. Vågå kommune og alpinsenteret har tidlegare hatt eit samarbeid som omhandlar ski-kort til barn, utleige av utstyr, instruksjon og busstransport for barneskulane i Vågå. Av økonomiske årsakar har denne avtala ikkje vorte forlenga. Kommunedirektøren legg fram ei eiga sak til formannskapet i løpet av desember 2019.

## 9. MÅL

### 9.1. Hovudutfordringar i økonomiplanperioden

#### 9.1.1. Skape forståing for at aktiviteten i tenesteytinga er tilpassa budsjetttramma

Rapportering til politisk nivå gjennom 2019 viser at Vågå kommune har meirforbruk innan helse og omsorg, barnehage og delar av grunnskulen. Dette har gjort budsjettsituasjonen ekstra krevjande, og det er heilt naudsynt å justere tenestetilbodet i tråd med dette. Kommunedirektøren har i budsjettet for 2020 omfordelt budsjetttrama slik at alle tenesteområda skal ha mest mogleg realistisk budsjett. Dette har medført at nokre tenester har fått redusert rame, medan andre har fått auke.

Kommunane får utvida sin oppgåveportefølje utan at dette blir fullt ut økonomiske kompensert frå staten. I tillegg ligg det utfordringar som kommunen må løyse for å sikre økonomien og omfanget av tenesteproduksjonen. Ikkje minst er talet på innbyggjarar viktig saman med attraktivitet og nyetableringar innan næringslivet.

Kommunedirektøren veit at det er store forventningar til Vågå kommune som over tiår har levert gode tenester. Det er viktig å ha ein god dialog med innbyggjarane og dei tilsette om at kommuneøkonomien blir svakare.

Det må arbeidast med haldningar, motivere til nytenking og skape ein organisasjonskultur der alle tek ansvar for å bidra til å tilpasse drifta til vedtekne økonomiske ramar. Samla sett må det vere et mål å sørgje for at det blir skapt mest mogleg velferd for pengane som blir brukt til drift.

For perioden 2020-2023 må ein sjå på ytterlegare tiltak for å få ned budsjetta for barnehage og skule. Noko vil kome av seg sjølv, da det i åra framover er reduksjon i barnetalet som vil føre til nedbemanning i barnehage og barneskule på sikt. Samanlikna med oppstart skuleåret 2019-2020, da det var 291 elevar på 1.-7. steg, vil det ved skulestart i august vera ein reduksjon i elevtalet på 1.-7.-steget på rundt 90 elevar eller meir. For ungdomsskulen sin del, vil ikkje dei reduserte barnetala slå inn før i 2026.

Det er jamfør vedtak i kommunestyret i desember 2017 bestemt at skulestrukturen i Vågå skal opp som politisk sak på nytt i 2020. Eit alternativ her, vil kunne vera å legge ned Lalm skule og samle alle elevane for 1.-7. årssteg på Vågåmo skule. Det kan teknisk vere mogleg å gjera dette frå tidlegast hausten 2021/2022. Årsaken til dette er formaliteter knytt opp mot opplæringslova ved avvikling av ein skule, og at det pr. nå ikkje er plass ved Vågåmo skule. Ut frå lærarnormen, vil ein truleg kunne klare seg med den bemanninga Vågåmo no har med tillegg av ei eller to lærarstillingar og ei assistentstilling overført frå Lalm. Ein kan da kunne spare inn 4 eller 5 lærarårsverk og eit administrasjonsårsverk. I tillegg kjem ein reduksjon i driftsutgifter. Utgifter til skuleskyss vil derimot auke for ein periode. Kva for gevinstar ei slik samanslåing vil føre til eller ikkje, vil ei nærare utgreiing kunne gi svar på. Kommunedirektøren vil leggje fram ei eiga sak med tilråding om framtidig skulestruktur våren 2020.

Skulane i Vågå har hatt ein stor auke i spesialundervisningstimar samla sett i kommunen. Dette er ikkje ei utvikling som kommunedirektøren ønskjer, og vi vil i 2020 ha fokus på å samarbeide tettare med pedagogisk psykologisk rådgjevingsteneste for å vidareutvikle samarbeidet med å styrke delingstimar i skulane og gjennom det redusere spesialundervisning.



Det vil alltid vere krevjande å jobbe med endringar og justere ned forventningar. Vi har likevel eit godt utgangspunkt, gjennom at vi på dei fleste områda leverer gode tenester.


### 9.1.2. Netto driftsresultat — auka handlefridom

Vedteke handlingsregel i Vågå kommune seier at vi skal budsjettere med eit netto driftsresultat som svarar til 1,75 prosent av driftsinntektene. For Vågå vil dette seie at netto driftsresultat bør vere ca. 5,6 millionar kroner. Gjennom denne økonomiplanen vil netto driftsresultat vere positivt, men ligge under tilrådd nivå. Dette gjev ei viss fondsavsetning for kvart av åra. Gjennom fondsavsettingar vil kommunen byggje opp ein økonomisk buffer som kan møte framtidige uføresette behov, premieavvik eller nyttast som eigenandel i investeringsprosjekt, samstundes som det er med på å sikre kommunen mot ein renteauke — noko som er sær s viktig dersom vi realiserer Helse- og omsorgsprosjektet.

### 9.1.3. Vidareføring av omstillinga innan helse og mestring

I budsjettet 2014 og i økonomiplan 2015 — 2018 vart det vedteke at utgiftene til helse og mestring skulle reduserast. Det er nødvendig med ei dreining og omprioritering av ressursar frå barn og unge mot helse- og omsorgstenester for vaksne, for å klare å ivareta kommunen sine nye oppgåver og ansvar som følgje av samhandlingsreforma.

Omstilling av tenestetilbodet er eit kontinuerlig arbeid i Vågå kommune og vart sett i gang i økonomiplan for 2014-2017. For å lykkast med dette må Vågå kommune sette av nødvendige ressursar til omstillingsarbeid. Det stiller store krav til både tilsette og leing der vi må tenkje nytt og vere villig til å gjennomføre planlagt endringsarbeid. Vågå kommune har vedtatt ei retningsendring, som er i tråd med nasjonale føringar, der vi skal leggje til rette for at fleire skal bu heime lengst mogleg. Vi har redusert talet på institusjonsplassar med 20 plassar dei siste 5 åra. Heimetenesta er styrka i denne perioden. Som følgje av samhandlingsreforma og endra befolkningssamansetning så er vi avhengig av å organisere tenestetilbodet på andre måtar.



Kilde: KS-modell for anslag av demografikostander for Vågå kommune. Standard er SSB – MMMM alternativet.

Kommunen har vedteke ei ny omsorgstrapp med fokus på mestring og førebyggjande innsats, og med eit meir differensiert butilbod. Etablering av bukollektiv for eldre er forsinka på grunn av pågåande sak i rettssystemet om endring av formål ved Moavegen bufellesskap. Det er venta ei avklaring på denne saka i løpet av første halvår 2020. Utfordringane her har ført til at omstillinga innan helse og mestring har vorte forsinka.

I frå 2020 planlegg vi ei endring av drifta ved Vågåheimen. Det er planlagt å avvike ei avdeling med 12 plassar, dette for å oppnå meir rasjonell drift. Det totale talet på institusjonsplasser vil som følgje av dette kunne bli redusert i periodar. Det vil bli tatt i bruk 1 enkeltrom og 3 dobbeltrom ved Vågåheimen til korttidsopphald. Heimetenesta skal ha ansvaret for drift av korttidsavdelinga og grunnlaget i økonomiplanen legg til grunn av bemanninga i heimetenesta må aukast. På lang sikt er målet at hovudandelen av korttids plassane skal vere drifta i samarbeid med Sel kommune ved Nord Gudbrandsdal lokalmedisinske senter Otta (NGLMS).

Talet på langtidsopphald ved Vågåheimen siste 5 år:

Dato	Pasientar med langtidsopphald
26.08.2015	48
26.08.2016	40
26.08.2017	32
26.08.2018	33
26.08.2019	27

Vågå og Sel kommune har ei intensjonsavtale der ulike område for samarbeid er utreda. Arbeidet er lengst kome innan helse, med samarbeid kring korttids plassar, felles tildelingskontor og felles institusjonslege med Sel kommune. Oppstart av felles korttidsavdeling ved NGLMS var planlagt i 2019, men er utsett som følgje av brannen ved Sel sjukeheim. Felles Tildelingskontor for Sel og Vågå kommunar vil bli starta i første halvdel av 2020. Da vil 1,7 årsverk bli overført til Sel kommune, som blir vertskommune.

For å lykkast med planlagt utviklingsarbeid så er vi avhengig av heilskapleg samhandling innan helse og mestring. Det er bestemt at dei fire tenesteleiarane og merkantile skal bli samlokalisert i frå januar 2020. Merkantilressurs i helse og mestring er styrka med ei stilling frå hausten 2019. Målet er å få til betre samhandling gjennomgåande i heile helse- og mestringsområdet. Ved dette skal vi få betre kvalitet i tenestetilbodet og ha brukaren i sentrum.

Dei 6 kommunane i Nord-Gudbrandsdalen er frå 2019 ein del av eit Velferdsteknologi prosjektet. Målet er å mobilisere kommunane til å vidareutvikle kompetanse innan digitalisering, gjennomføre utviklingsprosessar for å skape ein felles plattform for gevinstrealisering innan velferdsteknologi og digitalisering. Det er tilsett regional prosjektleiar i 100% stilling.

Det er einigheit mellom alle kommunane i Nord-Gudbrandsdal, NAV og Sykehuset Innlandet v/DPS Lillehammer om å utarbeide forprosjekt for mogleg etablering av eit FACT-team i regionen. FACT står for ACT (Assertive Community Treatment) og FACT (Flexible Assertive Community Treatment) er to behandlingsmodellar som gje heilskaplege og koordinerte tenestar til personar med alvorleg psykiske lidelser som ofte har rusproblem, og med eit lavt funksjonsnivå på mange område. Fylkesmannen har bevilga kr. 0,6 mill. til å gjennomføre prosjektet. Forprosjektet starta opp i 2016, men var utan

prosjektleiar i 2017 og delar av 2018. Det er nå tilsett i ei 20 % stilling fram til 31.12.2019. Kommunestyret får saka til endeleg handsaming i 2020.

#### **9.1.4. Forbetre integreringsarbeidet av busette flyktningar**

Frå 2020 vil 50% flyktningmedarbeidar arbeide tettare saman med NAV-kontoret, for å betre å utvikle integreringsarbeidet for busette flyktningar på kryss av tenestene.

#### **9.1.5. Galleri Ullinsvin og «Munch — den nordlige rute»**

Etter 30 år har Vågå kommune endeleg greidd å etablere Galleri Ullinsvin! Eit hovudfokus framover blir å vidareutvikle Ullinsvin som ein møteplass og galleri for både innbyggjarane i Vågå og besøkjande. Prosjektleiar vil i 2020 bli lånt ut til Ullinsvin Drift AS i 50 % stilling (finansiert av tilskot frå Oppland Fylkeskommune), i tillegg vil tidlegare vedteken løyving på kr. 0,3 mill. årleg bli overført selskapet. Samla kommunalt tilskot vil for 2020 vere kr. 0,684 mill.

#### **Ullinsvin**

Masterplanen for Ullinsvin vart vedteke i Vågå kommunestyre i 2017 og fylgt opp med eigen prosjektleiar i 3-årig stilling frå januar 2018, med 50 % medfinansiering frå Oppland fylkeskommune. Galleri Ullinsvin vart offisielt opna i september 2019. Hovudformålet for 2020 vil vere å arbeide vidare med å skape innhald i Ullinsvin som er i tråd med intensjonane i masterplanen og å få på plass ein bærekraftig driftsmodell i samarbeid med aktørane på staden.

#### **Munch i Vågå**

Samarbeidsprosjektet Munch- Den nordlige rute er vidareført som hovudprosjekt med 3-årig økonomisk støtte frå Innovasjon Norge, regionråd og kommunar i hhv. Vågå og Løten. Fokus er å skape eit sterkare, meir profesjonelt og heilheitleg tilbod på Munch-reisa nord for Oslo.

For 2020 vil det lokalt for Vågå vere fokus på vidareutvikling av lokale Munch-produkt, sterkare forankring hjå lokalt næringsliv og blant lokale barn og unge og vidareføring av den årlege Munch-dagen.

#### **9.1.6. Sikre fokus på førebyggjande arbeid gjennom samarbeid på tvers av faggrenser**

Barnehagane og skulane i Vågå avslutta i februar 2019 eit toårig prosjektarbeid om trygt og godt barnehage- og skulemiljø. Det er viktig at dei rutine som anten vart forbetra eller utarbeidd i dette prosjektet no blir ein naturleg del av det daglege arbeidet med å sikre at alle barn og ungdommar i Vågå opplever at dei har eit trygt, godt og inkluderande læringsmiljø.

#### **9.1.7. Leggje til rette for positiv samfunnsutvikling/stabilisere folketalet**

Ei av dei største utfordringane for distriktskommunane, Vågå inkludert, er den negative befolkningsutviklinga. Vågå Kommune har hatt positiv nettotilflytting i fleire år, med unntak av 2018, om har vore med å vege opp for fødselstala slik at befolkninga har holde seg relativt stabilt. Vågå Kommune må sette seg i førarsetet og gjennomføre tiltak for å framstå som attraktiv for tilflyttarar og arbeide med eit nettverk rundt dei som har flytta hit slik at dei blir værande. Det kan gjennomførast tiltak både i kommune regi og via regionen, der 200 ledige hus og stillingsleppen er to vesentlege tiltak.

### **9.1.8. Leggje til rette for frivillig innsats som supplement til det offentlege hjelpeapparatet**

Det frivillige arbeidet i Vågå står sterkt. Frivilligsentralen gjer ein formidabel jobb og det er mange eldsjeler som engasjerer seg i arbeidet. Vi har eit bra forsprang på mange kommunar og det er viktig at vi greier å engasjere både gamal og ung i dette arbeidet vidare framover.

Det frivillige arbeidet vil stå enda meir sentralt i framtida. Utfordringane framover vil i større grad handle om aksept for at dei frivillige i større grad går inn på arenaer som i dag er kommunale tenester. For å få til dette så handlar det om haldningsendringar og godt samarbeid.

### **9.1.9. Gje tydeleg og rett informasjon ut til kommunen sine innbyggjarar**

Informasjon om kommunen sine tenester skal vere lett tilgjengeleg for brukarane. Kommunen sin heimeside skal vere lett å finne fram i. Alle einingane skal sjå til at informasjon om tenester, priser, skjema, telefonnummer og opningstider skal vere korrekt til ein kvar tid. Forventningane til dei kommunale tenestene er på fleire område høgare enn det som er mogleg å innfri. Tydeleg informasjon kan vere med på å justere forventningane.

Vi går vidare på den digitaliserte vegen. Digitalisering av tenester vil auke sterkt og dette krev god informasjon. Dette gjeld både digital informasjon og konvensjonell informasjon. Kommunedirektøren vil sette ned ei arbeidsgruppe med tanke på å nyttegjere seg dei moglegheitene som finst i henhold til lokal handlingsplan for digitalisering.

Kommunen må og styrke informasjonsarbeidet i forhold til reiselivet og turistar. Stadig fleire bruker meir tid i vår kommune og dette er ein stor ressurs for alle i Vågå.

### **9.1.10. Fokus på nærværarbeid**

Vågå kommune har fokus på nærværarbeid og gruppa for nærværsarbeid (samarbeid administrasjon og NAV arbeidslivssenter) held fram.

Eit sentralt punkt i dette arbeidet er å gjere oss meir fleksible og flinke til å leggje til rette for arbeidstakarar som i ein tidsavgrensa periode har redusert arbeidsevne. Samarbeidet med fastlegane og «psykisk helse» må vidareutviklast og styrkast. Nærværarbeid skal vere tema på personalmøte.

### **9.1.11. Rekruttere og behalde kompetanse**

Kommunen må arbeide med vidareutvikling av kompetanseplanen slik at den gir betre oversikt over kompetansebehov for dei ulike tenesteområda. Planen vil da kunne vere ein viktig og god reiskap i rekrutteringsarbeidet. Å vere aktiv i kampen om arbeidskraft vil bli meir og meir viktig. For å kunne behalde kompetente medarbeidarar (yngre og eldre) er det naudsynt med økonomiske midlar/tiltak til fagleg oppdatering og utvikling gjennom kurs og seminar, stipendordningar (til grunnutdanning og vidareutdanning). Utfordringa knytt opp mot rekruttering av kompetent arbeidskraft har synleggjort seg for alvor i Vågå kommune i 2019. Vi forventar og at desse utfordringane vil halde fram i 2020, og vi må tenke nytt med tanke på å sikre og rekruttere kompetent arbeidskraft til Vågå kommune framover. Våren 2020 vil Vågå kommune gjennomføre leiarutvikling for tenesteleiarar og kommunalsjefar for å bygge samhald og "vi-kjensle", samt å auke leiarkompetansen.

Å synleggjere kommunesektoren sitt mangfald av stillingar og interessante arbeidsoppgåver for eigne ungdomar blir viktig slik dei kan ta det med i vurdering av yrkesval og utdanning.

Vågå var med som «pilotkommune» i KS-prosjekt «Attraktive arbeidsgivere» med fokus på helse- og omsorgstenestene. Prosjektet går inn i ordinær drift frå 2020, som ein del av helse og omsorgsprosjektet.

#### **9.1.12. Vegfond**

Jamfør tidlegare vedtak har Vågå kommune avsett kr. 400' som veglag for private vegar kan søkje på driftsmidlar til etter vedtekne kriterier.

#### **9.1.13. Breiband**

Kravet til digitalisering av offentleg forvaltning er aukande, og kommunane i Nord-Gudbrandsdalen har utarbeidd ein felles regional strategi som ligg til grunn for detaljarbeid i kvar kommune. Kravet til innbyggjarane i Vågå, anten det er skuleungar, næringsdrivande, pensjonistar eller andre, er at storparten av tenestetilbodet etter kvart flytter seg over på digitale flater. For å klare å oppfylle desse krava er både det offentlege og det private avhengig av tilgang til infrastruktur som gjer at tenester let seg utføre over nett, med andre ord eit godt utbygd breiband.

Vågå kommune har hatt ei aktiv rolle når det gjeld utvikling av breiband i regionen, og har vore koordinator for søknadsrunder til NKOM og Oppland fylkeskommune dei seinare åra. Vi har og gått tungt inn i enkeltprosjekt i eigen kommune.


Vi har framleis ein del område i kommunen som har til dels svært dårleg dekning, og vi ser at desse områda ikkje er kommersielt attraktive å byggje ut. Dette inneber at vi framleis må søkje tilskot frå offentlege instansar, samt vere viljuge til å bidra med eigne midlar for å sikre ei utbygging i heile kommunen.

Fase 1 (Tessand-Randsverk) er fullfinansiert og utbygginga er påbegynt. Når det gjeld fase 2 frå Randsverk til Gjende blir utbygginga eit dugnadsarbeid mellom kommunen, næringslivet og private aktørar. Finansieringa er enda ikkje fullt ut på plass. Når det gjeld vidare utbygging innover Sjudalen rår kommunedirektøren til å omdisponere ein million tidlegare avsett til disposisjonsfond til formålet.

Kommunestyret reiste interpellasjon i forbindelse med KS 12/19, og ba kommunedirektøren om å starte arbeidet med å etablere ei 5-årsplan for vidare utbygging av breiband for å oppnå full dekning i kommunen innan 2024.

Vågå kommune låner ut informasjonsmedarbeidar i 20 % til Regionrådet for å arbeidet med breibandsatsing i heile regionen.

## **Vedlegg 1 – Organisasjonskart**



## Vedlegg 2 – Grunnlag reknearkmodell

### Hovudoversikt

#### Økonomiplan

#### Kommunedirektørens forslag - økonomiplan 2020-2023

#### Hovudoversikt

NR	Sektor/år	2018kr	2019kr	alle tall i 2019 kroner			
		2018	2019	2020	2021	2022	2023
		Rekneskap	Oppr. budsj.	Kommunedirektørens forslag - økonomiplan 2020-2023			
	Kommunedirektør	26 030	37 089	34 926	35 971	35 971	35 971
	Kommunalsjef helse og mestring	91 785	89 724	94 389	93 759	93 759	93 759
	Kommunalsjef barnehage og oppvekst	67 313	64 802	69 853	70 015	70 015	70 015
	Kommunalsjef teknisk	27 871	29 018	29 973	29 396	29 396	29 396
	Interkommunale samarbeid	15 501	19 450	22 229	22 229	22 229	22 229
<b>*</b>	<b>Sum netto driftsramme</b>	<b>228 500</b>	<b>240 083</b>	<b>251 370</b>	<b>251 370</b>	<b>251 370</b>	<b>251 370</b>
				4,7 %	0,0 %	0,0 %	0,0 %
	Rammetilskot/skatt inkl.skjønn	-225 434	-227 212	-234 194	-234 194	-234 194	-234 194
	Skjønnsmidlar av dette	-2 114	-1 600	-1 000	-1 000	-1 000	-1 000
	Eksisterande kompensasjonsordn	-669	-800	-800	-800	-800	-800
	Kommunal eigedomsskatt	-14 775	-16 900	-22 200	-22 200	-22 200	-22 200
	Sal konsesjonskraft	-3 056	-3 500	-3 500	-3 500	-3 500	-3 500
<b>6</b>	<b>Sum frie inntekter</b>	<b>-243 934</b>	<b>-248 412</b>	<b>-260 694</b>	<b>-260 694</b>	<b>-260 694</b>	<b>-260 694</b>
				4,94 %	0,00 %	0,00 %	0,00 %
	Renter og finanskostnader	6 529	6 826	7 694	7 694	7 694	7 694
	Renter og finansavkastning	-6 670	-10 643	-10 437	-10 437	-10 437	-10 437
	Netto gjeldsavdrag	11 851	12 146	12 067	12 067	12 067	12 067
	Renter og avdr. tiltak i planperioden	0	0	0	0	0	0
<b>7</b>	<b>Netto finans og gjeld</b>	<b>11 710</b>	<b>8 329</b>	<b>9 324</b>	<b>9 324</b>	<b>9 324</b>	<b>9 324</b>
				12 %	0,0 %	0,0 %	0,0 %
<b>Resultat før fondsbruk/avs.</b>		<b>-3 724</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>

## Område kommunedirektør

### Økonomiplan

#### Kommunedirektørens forslag - økonomiplan 2020-2023

Kommunedirektør							
Tekst	Sidehenv.	Budsjett 2019	2020	2021	2022	2023	
<b>Opprinneleg plan:</b>							
<b>Prisjusterte rammer - frå gjeldande plan</b>			37 089	37 089	37 089	37 089	
KS 70/18 - Kommuneval/Stortingsval		200	-200	0	-200	0	
KS 70/18 - Kultur - Vågå Dågå		70	-60	0	-60	0	
KS 70/18 - Kultur - Vågå som arrangementsbygd		400	-50	20	-50	20	
KS 70/18 - Kultur - Kommunestyrets vedtak: Auke kulturkontor		20	15	15	15	15	
KS 70/18 - Sentraladministrasjon - etterlønn		690	-690	-690	-690	-690	
KS 70/18 - Sentraladministrasjon - prosjektleiar eigedomsskatt		650	0	-650	-650	-650	
KS 70/18 - Sentraladministrasjon - avsetjing til bredbåndsfond, fiber		1000	-1 000	-1 000	-1 000	-1 000	
KS 70/18 - Næring - avslutta utleige næringskonsulent/kjøp frå Skåppå			0	50	50	50	
KS 70/18 - Kultur - auka utgifter ekstrahjelp kulturkontoret, Landskappleik		35	-35	-35	-35	-35	
KS 25/18 - Kultur - Munch den nordlige ruten		150	0	-150	-150	-150	
KS 40/19 - Sentraladministrasjon - auka godtgjersle folkevalde		2225	76	76	76	76	
<b>Sum opprinnelege, prisjusterte rammer</b>			<b>35 145</b>	<b>34 725</b>	<b>34 395</b>	<b>34 725</b>	
<b>Rammejusteringar:</b>							
Rame tildelingskontor overført til rame interkommunale samarbeid (A599)		1266	-1 266	-1 266	-1 266	-1 266	
20% informasjonmedarbeidar overført rame teknisk og beredskap (brann)		606	-113	-113	-113	-113	
20% kommunalsjef overført frå rame teknisk og beredskap		0	217	217	217	217	
			<b>-1 162</b>	<b>-1 162</b>	<b>-1 162</b>	<b>-1 162</b>	
<b>Administrativt nye rammer</b>			<b>33 983</b>	<b>33 563</b>	<b>33 233</b>	<b>33 563</b>	
<b>Nye tiltak for budsjettperioden</b>							
			2019	2020	2021	2022	2023
Sentraladministrasjon - ungdomsråd			0	21	21	21	21
Sentraladministrasjon - prosjektleiar eigedomsskatt teke ut eitt år før tida		650	-650	0	0	0	0
Sentraladministrasjon - budsjett 2019 ikkje i null, reserve frigjort til budsjett 2020		180	-180	-180	-180	-180	-180
Sentraladministrasjon - auka overføring Vågå kyrkjelege fellesråd		2540	150	150	150	150	
Sentraladministrasjon - stipendstillingar helse		0	120	120	120	120	
Sentraladministrasjon - etablering/tilpasningstilskot (tidlegare øyremerkt, nå rametilskot)			100	100	100	100	
Sentraladministrasjon - leiarutvikling/kompetanseheving (auke bruk av disp.fond)		-165	-85	-85	0	0	
Sentraladministrasjon - digitalisering		0	100	100	100	100	
Sentraladministrasjon - vakanse kommunalsjef helse (3mnd)			-202	0	0	0	
Sentraladministrasjon - lærlingar - fleire fyrsteårslærlingar (lågare lønn)			-58	-58	-58	-58	
Sentraladministrasjon - økonomi - reduserte internoverføringer som følge av statlegging (skatt)			80	80	80	80	
Sentraladministrasjon - økonomi - mindre internoverføring som følge av statlegging (skatt)			0	56	56	56	
Sentraladministrasjon - avsetjing til fiberutbygging			1000	0	0	0	
Sentraladministrasjon - bruk av disp.fond NTV Gjende, omdisponert til fiber			-1000	0	0	0	
Sentraladministrasjon - utleige av informasjonsmedarbeidar i 20% (Regionkontoret)			-113	-113	-113	-113	
Sentraladministrasjon - IKT, reduserte utgifter som følge av ny fiberleverandør		85	-45	-45	-45	-45	
Sentraladministrasjon - servicetorg, auke driftsposter (lisensar, serviceavtaler mm.)			60	60	60	60	
Kultur - Flyktningkontor - redusert introduksjonsstønad		3000	-735	-735	-735	-735	
Kultur - Flyktningkontor - auka utgifter tolketenester		50	20	20	20	20	
Kultur - Flyktningkontor - integreringstilskot		-5695	1 295	1 295	1 295	1 295	
Kultur - Flyktningkontor - integreringstilskot, redusert vidarebetaling til andre kommunar		500	-250	-250	-250	-250	
Kultur - Bibliotek - ny medarbeidar høgare lønn enn tidlegare ansatt			277	277	277	277	
Kultur - Ungdomsmusikal "Rock of ages"			25	0	0	0	
Kultur - auka mindre driftsposter			18	18	18	18	
Sentraladministrasjon - auka stillingsstorleik som følge av statlegging (frå 50 til 100%)		0	307	307	307	307	
Interkommunal - Innføring Vågå/Sel - auka portoutgifter		142	40	40	40	40	
Interkommunal - Innføring Vågå/Sel - avslutta samarbeid med Sel		-248	123	248	248	248	
Interkommunal - Skatteoppkrevjarkontor - statlegging frå 1/6-20 (arbeidsgjevarkontroll)		205	-144	-205	-205	-205	
Interkommunal - Skatteoppkrevjarkontor - statlegging frå 1/6-20 (skatteoppkrevjar)		351	-208	-351	-351	-351	
Interkommunal - Innkjøpskontor - konsulentbistand		500	-100	-100	-100	-100	
Lønnsauke budsjettområde rådmann			474	524	524	524	
<b>MINDREFORBRUK I RÅDMANNENS FORSLAG</b>			<b>503</b>	<b>1 114</b>	<b>1 359</b>	<b>1 029</b>	
<b>Sum aktivitetssending</b>			<b>943</b>	<b>2 408</b>	<b>2 738</b>	<b>2 408</b>	
<b>Ny nettoramme overført hovudoversikt</b>			<b>34 926</b>	<b>35 971</b>	<b>35 971</b>	<b>35 971</b>	



## Område barnehage og utdanning

### Økonomiplan

#### Kommunedirektørens forslag - økonomiplan 2020-2023

Barnehage og utdanning						
Tekst	Sidehenv.	Budsjett 2019	2020	2021	2022	2023
<b>Opprinneleg plan:</b>						
Prisjusterte rammer - frå gjeldande plan			64 802	64 802	64 802	64 802
<b>Sum opprinnelege, prisjusterte rammer</b>			<b>64 802</b>	<b>64 802</b>	<b>64 802</b>	<b>64 802</b>
<b>Rammejusteringar:</b>						
<b>Sum rammejustering</b>			<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>
<b>Administrativt nye rammer</b>			<b>64 802</b>	<b>64 802</b>	<b>64 802</b>	<b>64 802</b>
<b>Nye tiltak for budsjettperioden</b>						
Kulturskule - ikkje gjennomførte kutt			162	162	162	162
Kulturskule - redusert kjøp frå andre kommunar		180	-62	-62	-62	-62
Kulturskule - auka lønn			73	73	73	73
Kulturskule - auka refusjon frå organisasjonar		-123	-21	-21	-21	-21
Kulturskule - auka andre postar i driftsbudsjettet			16	16	16	16
Vaksenopplæring - redusert 50% stilling		1568	-219	-219	-219	-219
Vaksenopplæring - redusert kjøp av tenester frå andre kommunar		60	-30	-30	-30	-30
Vaksenopplæring - redusert integreringstilskot		-1500	300	300	300	300
Vaksenopplæring - auka velferdstiltak brukarar		0	8	8	8	8
Vaksenopplæring - ekstrahjelp		0	30	30	30	30
Lalm skule - redusert bemanning			-420	-420	-420	-420
Lalm skule - reduserte utgifter SFO		121	-38	-38	-38	-38
Vågåmo skule - auka lønnsbudsjett	x	21842	1 560	1 560	1 560	1 560
Vågåmo skule - auka driftsutgifter (skysst osv.)			122	122	122	122
Vågåmo skule - reduserte inntekter (kompetanse for kvalitet)	x	-800	554	554	554	554
Vågåmo skule - auka refusjon sjukepengar	x	0	-210	-210	-210	-210
Vågåmo skule - reduserte utgifter SFO	x	723	-294	-294	-294	-294
Vågå ungdomsskule - lønnsvekst			274	436	436	436
Vågå ungdomsskule - reduserte inntekter (kompetanse for kvalitet)		-288	84	84	84	84
Vågå ungdomsskule - reduserte bruk av bundne driftsfond (trafikkmidlar, UIU)		-139	49	49	49	49
Vågå ungdomsskule - redusert andre driftspostar			-61	-61	-61	-61
Søre Grindstugu - auka lønn (høgare barnetal)		9644	1 509	1 509	1 509	1 509
Søre Grindstugu - auka driftsbudsjett			33	33	33	33
Søre Grindstugu - auka brukarbetaling (høgare barnetal)		-1680	-120	-120	-120	-120
Søre Grindstugu - reduserte utgifter styrka barnehagetilbod		838	-110	-110	-110	-110
Søre Grindstugu - auka 80% stilling som følge av busetjing			472	472	472	472
Lalm barnehage - redusert bemanning		3759	-142	-142	-142	-142
Lalm barnehage - auka lønn engasjement		0	50	50	50	50
Lalm barnehage - redusert brukarbetaling		-780	100	100	100	100
Lalm barnehage - auka skysstutgifter		10	5	5	5	5
Barnehagens fellesskap - auka lønn			7	7	7	7
Barnehagens fellesskap - auka tilskot private barnehager		6500	1 000	1 000	1 000	1 000
Grunnskule fellesskap - auka lønnsutgifter			15	15	15	15
Grunnskule fellesskap - auka husleigeutgifter Vågåhallen		370	105	105	105	105
Grunnskule fellesskap - kjøp av tenester i andre kommunar (barn i fosterheim)		1000	250	250	250	250
<b>Sum aktivitetssending</b>			<b>5 051</b>	<b>5 213</b>	<b>5 213</b>	<b>5 213</b>
<b>Ny netto ramme, overført hovudoversikt</b>			<b>69 853</b>	<b>70 015</b>	<b>70 015</b>	<b>70 015</b>

## Område helse og mestring

Økonomiplan						
Rådmannens forslag - økonomiplan 2020-2023						
Helse og mestring						
Tekst	Sidehenv.	Budsjett 2019	2020	2021	2022	2023
<b>Opprinneleg plan:</b>						
Prisjusterte rammer - frå gjeldande plan			89 724	89 724	89 724	89 724
<b>Sum opprinnelege, prisjusterte rammer</b>			<b>89 724</b>	<b>89 724</b>	<b>89 724</b>	<b>89 724</b>
<b>Rammejusteringar:</b>						
<b>Sum rammejustering</b>			<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>
<b>Administrativt nye rammer</b>						
<b>Nye tiltak for budsjettperioden</b>						
Vågåheimen - Matgledekorpsset			30	30	30	30
Vågåheimen - auka løn ekstrahjelp		-	300	300	300	300
Vågåheimen - reduserte inntekter langtidsopphald		-5 400	1 150	1 150	1 150	1 150
Vågåheimen - reduserte inntekter korttidsopphald		-300	100	100	100	100
Vågåheimen - auka utgifter avtalefesta tillegg		3 150	595	595	595	595
Vågåheimen - auka andre mindre driftspostar			-161	-161	-161	-161
Vågåheimen - reduserte utgifter som følge av å stenge nypoleia (vikar, overtid og fastløn)			-1 370	-2 000	-2 000	-2 000
Helsetenester - skulehelseteneste - reduserte stillingar som følge av permisjon		2 834	-153	-153	-153	-153
Helsetenester - auka driftsbudsjett (lønnsauke og andre mindre budsjettpostar)			397	397	397	397
Helsetenester - auka drifttilskot lege			78	78	78	78
Helsetenester - avslutta interkommunalt samarbeid logoped (PPT)		-400	400	400	400	400
Miljøterapienesta - auka utgifter kjøp av andre kommunar		-	200	200	200	200
Miljøterapienesta - auka utgifter "Inn på tunet"		425	275	275	275	275
Miljøterapienesta - auke med 78 % stilling			456	456	456	456
Miljøterapienesta - lønnsauke (fastløn, avtalefesta tillegg, pensjon, arbeidsgjevaravg.)			857	857	857	857
Heimetenesta - auka tilskot frå Staten		-250	-200	-200	-200	-200
Heimetenesta - tidlegare øyremerkt tilskot dagaktivitet for demente innlemma i rammeoverføring		-310	310	310	310	310
Heimetenesta - auka løn støttekonakt		1 100	100	100	100	100
Heimetenesta - auka brukarbetaling		-450	-50	-50	-50	-50
Heimetenesta - lønnsauke			1 296	1 296	1 296	1 296
Heimetenesta - auke mindre driftspostar			55	55	55	55
<b>Ny netto ramme, overført hovudoversikt</b>			<b>94 389</b>	<b>93 759</b>	<b>93 759</b>	<b>93 759</b>

## Område teknisk og beredskap

### Økonomiplan

#### Kommunedirektørens forslag - økonomiplan 2020-2023

Teknisk og beredskap						
Tekst	Sidehenv.	Budsjett 2019	2020	2021	2022	2023
<b>Opprinneleg plan:</b>						
Prisjusterte rammer - frå gjeldande plan			29 018	29 018	29 018	29 018
Kjøp av konsulentbistand plan og miljø		500	-500	-500	-500	-500
Kjøp av konsulentbistand nye kontraktar vegvedlikehald		100	-100	-100	-100	-100
<b>Sum opprinnelege, prisjusterte rammer</b>			<b>28 418</b>	<b>28 418</b>	<b>28 418</b>	<b>28 418</b>
<b>Rammejusteringar:</b>						
20% informasjonmedarbeidar overført rame teknisk og beredskap (brann)		0	113	113	113	113
20% kommunalsjef overført frå rame teknisk og beredskap		217	-217	-217	-217	-217
<b>Sum rammejustering</b>			<b>-104</b>	<b>-104</b>	<b>-104</b>	<b>-104</b>
<b>Administrativt nye rammer</b>			<b>28 314</b>	<b>28 314</b>	<b>28 314</b>	<b>28 314</b>
<b>Nye tiltak for budsjettperioden</b>						
Kjøp av konsulentbistand nye kontraktar vegvedlikehald (forlenga med 1 år)		0	100	0	0	0
Landbrukskontor - auka utgifter Vågå sin andel		1701	364	364	364	364
Plan og miljø - kjøp av konsulentbistand (forlenga med 1 år)		0	500	0	0	0
Kommunal veg - auka bominntekter Slådalsvegen (dobling bomavgift)		-550	-350	-350	-350	-350
Kommunal veg - høgare overføring Lesja sin andel (pga høgare bomavgift)		128	222	222	222	222
Kart og oppmåling - auka arbeidsmengde innan sjølvkost		549	-284	-284	-284	-284
Kommunal eigedom - reduserte husleigeinntekter		-7384	473	473	473	473
Kommunal eigedom - vedlikehald av kommunale gjerder		0	70	70	70	70
Kommunal eigedom - reduserte stillingar reinhald (1,05 årsverk)			-520	-520	-520	-520
Kommunal eigedom - redusert internhusleige som følge at statleggjering (skatt)		-276	32	55	55	55
Kommunal eigedom - auke mindre driftspostar (vedlikehald, strøm, forsikring mm.)			725	725	725	725
Brann - auka utgifter nødnett		160	115	115	115	115
Brann - auka utgifter 110-sentral		195	40	40	40	40
Brann auka inntekter ABA alarmer		-170	-30	-30	-30	-30
Lønnsauke område teknisk og beredskap			202	202	202	202
<b>Sum aktivitetsending</b>			<b>1 659</b>	<b>1 082</b>	<b>1 082</b>	<b>1 082</b>
<b>Ny netto ramme, overført hovudoversikt:</b>			<b>29 973</b>	<b>29 396</b>	<b>29 396</b>	<b>29 396</b>

## Område interkommunale samarbeid der Vågå er medlemskommune

### Økonomiplan

#### Kommunedirektørens forslag - økonomiplan 2020-2023

#### Interkommunale samarbeid

Tekst	Sidehenv.		2020	2021	2022	2023
<b>Opprinneleg plan:</b>						
Prisjusterte rammer - frå gjeldande plan			19 450	19 450	19 450	19 450
Psykolog		50	350	350	350	350
<b>Sum opprinnelege, prisjusterte rammer</b>			<b>19800</b>	<b>19800</b>	<b>19800</b>	<b>19800</b>
<b>Rammejusteringar:</b>						
Rame tildelingskontor overført frå rame rådmann (A130)		0	1 266	1 266	1 266	1 266
<b>Sum rammejustering</b>			<b>1 266</b>	<b>1 266</b>	<b>1 266</b>	<b>1 266</b>
<b>Administrativt nye rammer</b>			<b>21 066</b>	<b>21 066</b>	<b>21 066</b>	<b>21 066</b>
<b>Nye tiltak for budsjettperioden</b>						
Psykolog - auka utgifter		400	131	131	131	131
Tildelingskontor - auka utgifter		1266	34	34	34	34
Korttidsplasser - heilårsverknad		3000	1000	1000	1000	1000
PPT		1890	42	42	42	42
Gjeldsrådgiver		160	2	2	2	2
Gudbrandsdalen crisesenter IKS		236	20	20	20	20
GDPR ombud - Lesja/Dovre/Lom/Skjåk/Vågå		126	34	34	34	34
Innlandet revisjon		858	28	28	28	28
Kontrollutvalssekretariat		158	15	15	15	15
Barnevern - administrasjon (f244)		2443	288	288	288	288
Barnevern - tiltak i familien (f251)		384	-19	-19	-19	-19
Barnevern - tiltak utanfor familien (f252)		1811	-34	-34	-34	-34
Regionråd		550	-51	-51	-51	-51
Regiondata		2492	9	9	9	9
Kreftkoordinator		231	38	38	38	38
Jordmorvakt		66	-2	-2	-2	-2
Regional legevakt		1202	42	42	42	42
Legevaktvarsling/alarmsentral		1509	70	70	70	70
Intermediære sengeplasser		1786	-343	-343	-343	-343
KAD sengeplasser		829	-159	-159	-159	-159
Støttepersonell spesialisthelsetenesten		116	18	18	18	18
<b>Sum aktivitetsendring</b>			<b>1163</b>	<b>1163</b>	<b>1163</b>	<b>1163</b>
<b>Ny netto ramme, overført hovudoversikt:</b>			<b>22 229</b>	<b>22 229</b>	<b>22 229</b>	<b>22 229</b>

## Frie inntekter

### Økonomiplan

#### Kommunedirektørens forslag - økonomiplan 2020-2023

### Frie inntekter

Tekst	Faste 2019 kroner					
	2018	2019	2020	2021	2022	2023
	Rekneskap	Justert budsett				
<b>Rammetilskott</b>	<b>-120 164</b>	<b>-122 190</b>	<b>-124 732</b>	<b>-124 732</b>	<b>-124 732</b>	<b>-124 732</b>
Skjønnsmidler av dette	-2 114	-1 600	-1 000	-1 000	-1 000	-1 000
Inntektsutjamning etter prognosemod.	-17 070	-26 698	-17 919	-17 919	-17 919	-17 919
Skatt på inntekt og formue etter prognosemod.	-88 200	-78 324	-91 543	-91 543	-91 543	-91 543
<b>Sum rammetilskot og skatt</b>	<b>-225 434</b>	<b>-227 212</b>	<b>-234 194</b>	<b>-234 194</b>	<b>-234 194</b>	<b>-234 194</b>
Andre kompensasjonsordn.	-669	-800	-800	-800	-800	-800
Nye kompensasjonsordn.						
Kommunal eigedomsskatt	-14 775	-16 900	-22 200	-22 200	-22 200	-22 200
Sal konsesjonskraft	-3 056	-3 500	-3 500	-3 500	-3 500	-3 500
<b>Sum frie inntekter</b>	<b>-243 934</b>	<b>-248 412</b>	<b>-260 694</b>	<b>-260 694</b>	<b>-260 694</b>	<b>-260 694</b>

## Finans

### Økonomiplan

#### Kommunedirektørens forslag - økonomiplan 2020-2023

### Oversyn over renter, avkastning og avdrag på lån

Kommunedirektørens forslag - økonomiplan 2020-2023

Tekst	2018	2019	2020	2021	2022	2023
	Rekneskap	Justert budsjett				

#### Rentekostnader

Renter av løpende lån for videre utlån	644	650	623	623	623	623
Renter av nye lån - ikkje sjølvkost		0	0	0	0	0
Ovf investering/avsetn.fond		0	0	0	0	0
Renter av løpende lån til kommunale invest.	5 885	6 176	7 071	7 071	7 071	7 071
<b>Sum rentekostnader</b>	<b>6 529</b>	<b>6 826</b>	<b>7 694</b>	<b>7 694</b>	<b>7 694</b>	<b>7 694</b>

#### Finansinntekter/-disposisjonar

Renter av bankinnskott	-1 891	-2 000	-2 000	-2 000	-2 000	-2 000
Renter av utlån/refusjonar	-557	-1 300	-1 300	-1 300	-1 300	-1 300
Utbytte AS Eidefoss og Norske Skog	-2 195	-5 000	-5 000	-5 000	-5 000	-5 000
5% av utbytte avsatt næringsfond	0		0	0	0	0
Konsesjonsavgift	-791	-795	-795	-795	-795	-795
Avsetning til landbruksfond	100	250	250	250	250	250
Netto avsetning til næringsfond	691	545	545	545	545	545
Avsetn. disp.fond 20 % avkastn utvikl.fond	100	100	100	100	100	100
Renter av fondsmidler	-785	-800	-800	-800	-800	-800
<b>Sum ulike utbytte og kapitalavkastning</b>	<b>-2 880</b>	<b>-5 700</b>	<b>-5 700</b>	<b>-5 700</b>	<b>-5 700</b>	<b>-5 700</b>
Kalkulatoriske renter VAR *	-1 342	-1 543	-1 337	-1 337	-1 337	-1 337
Byggelånsrenter	0	-100	-100	-100	-100	-100
<b>Sum rente- og finansavkastn.</b>	<b>-6 670</b>	<b>-10 643</b>	<b>-10 437</b>	<b>-10 437</b>	<b>-10 437</b>	<b>-10 437</b>
<b>Netto rentekostnad/inntekt</b>	<b>-141</b>	<b>-3 817</b>	<b>-2 743</b>	<b>-2 743</b>	<b>-2 743</b>	<b>-2 743</b>

Låneavdrag						
Avdrag lån til vidare utlån		900	2150	2150	2150	2150
Avdrag på nye lån - utanom sjølvkost		0	0	0	0	0
Avdrag nye lån - sjølvkostområdet		0	0	0	0	0
Avdrag på løpende lån	14 499	15 263	15 000	15 000	15 000	15 000
Avskrivning VAR	-2 648	-3 117	-2 933	-2 933	-2 933	-2 933
Mottatt avdrag på utlån (Husb.blir ført i inv.)	0	-900	-2 150	-2 150	-2 150	-2 150
<b>Netto låneavdrag</b>	<b>11 851</b>	<b>12 146</b>	<b>12 067</b>	<b>12 067</b>	<b>12 067</b>	<b>12 067</b>

Renter/avdrag av nye tiltak 2018-2021		0				
Renter/avdrag bru over Finna teke ut						
Utsetjing av låneopptak pga ubr.lån						
<b>Bruk av fond</b>						

<b>Netto renter og avdrag</b>	<b>11 710</b>	<b>8 329</b>	<b>9 324</b>	<b>9 324</b>	<b>9 324</b>	<b>9 324</b>
-------------------------------	---------------	--------------	--------------	--------------	--------------	--------------

## Investeringsoversikt

Investeringsbudsjett						
	Prosjektnr		2020	2021	2022	2023
<b>Prosjekt (brutto kostnad):</b>						
<b>Kommunedirektør</b>						
Regiondata	1006		1 273			
Nytt IT utstyr kommunehuset	1124		250			
Velferdsteknologi	3024		625	625	625	625
<b>Barnehage og utdanning</b>						
IKT-investeringar grunnskule	2015		625			
<b>Teknisk og beredskap</b>						
Prosjekt helse og omsorg (inkl. Moavegen og tiltak i boligsosial plan)	5321		4 912			
ENØK kulturhuset/Vågahallen	5322			5 813	1 500	1 250
ENØK og ventilasjon Kommunehuset	5329		5 625	3 000	775	
ENØK Vågå ungdomsskule	5330		188	3 938	625	
ENØK Vågåheimen/Frivilligsentral	5348			3 313	4 250	4 438
ENØK Lalm skule og barnehage	5331			900	650	1 775
ENØK Dagsenter i Sjørdalen	5350			275		300
Kommunale vegar	5100		3 050	3 050	3 050	3 050
Symjehall	5330		625			
Vågå ungdomsskule, utskifting av 6 doble ytterdører	5353		413			
Tiltak etter trusselvurdering kommunehuset og helsesenteret	5351		188			
Asfaltering av parkeringsplass kommunehuset (Vågå sin halvdel)	5406		263			
Gjendegarden, 2 nye forbrenningstolett	5118			275		
Vågåheimen - utskifting av vareheis	3033		1 313			
Brøyteutstyr	5352		200			
Ei-bil (administrasjonsbil)	5300		450			
KS 70/18 Tankbil	5200		1 500			
<b>Sjølvcostinvesteringar:</b>						
Tiltaksplan VA Vågåmo (sjølvcost), Øvre Langskåre samt mindre tiltak sentrum	5711		2 000	3 500	3 500	3 500
Utskifting av bil, VA sektoren	5716		350		350	
Asfaltering og ombygging av miljøstasjonen	5644			1 300		
VA Skjellum	5714		1 600			
<b>Andre investeringar</b>						
Eigenkapitalinnskott KLP	1020		1 120	1 120	1 120	1 120
Nye formidlingslån	1001		4 000	4 000	4 000	4 000
Avdrag formidlingslån	1001		2 150	2 150	2 150	2 150
<b>Sum kommune</b>			<b>32 720</b>	<b>33 259</b>	<b>22 595</b>	<b>22 208</b>
<b>FINANSIERING I PLANPERIODEN:</b>						
Bruk av investeringslån			-17 683	-14 961	-8 458	-8 536
Bruk av investeringslån (sjølvcost)			-3 950	-4 800	-3 850	-3 500
Bruk av startlån (vidareutlån)			-4 000	-4 000	-4 000	-4 000
ENØK tilskott			-290	-2 049	-782	-674
Overført frå driftsbudsjettet			-1 120	-1 120	-1 120	-1 120
Mottekne avdrag utlån			-2 150	-2 150	-2 150	-2 150
Momskompensasjon investering			-3 527	-4 179	-2 235	-2 228
<b>Sum finansiering</b>			<b>-32 720</b>	<b>-33 259</b>	<b>-22 595</b>	<b>-22 208</b>